

ÅRSMELDING 2021

Hardanger og Voss museum



HARDANGER OG VOSS
MUSEUM

Høgdepunkt 2021

April:

Hardingfela.no lanserer filmen «Dansegleden» på sosiale medium

Mai:

Berekraftseminar i samarbeid med Universitetet i Bergen og kunstnarar. Folkedraktutstillinga «Opplut og belte» opna ved Hardanger folkemuseum.

Juni:

Kunstcamp i Kabuso, kunstsommarskule for born.

Nøkkeltal 2021

	2021	2020	2019	2018	2017
Besök	36 745	30 382	63 185	56 143	56 413
Gjenstandar	52 281	52 180	51 973	51 867	51 812
Foto	94 604	94 604	94 604	94 604	94 604
Kulturhistoriske bygg	133	133	133	133	133
Verna fartøy	4	4	4	4	4
Publikasjonar	5	6	4	4	4
Utstillinger	25	26	34	27	30
Arrangement, konsert mm1)	257	71	329	85	106
Driftsinntekter*	62 608	61 543	55 057	67 239	62 167
Årsresultat*	389	3 550	-1 212	2 489	4 710
Eigenkapital**	15 949	15 560	12 010	13 072	10 583
Totalkapital*	52 952	47 319	44 608	42 251	44 163
Faste tilsette	64	64	64	60	58
Årsverk	62	57,8	61,7	61,7	59,3
A-melding (l&t-oppgåve)***	187	160	193	173	203
Sjukefråvær	5,0 %	5,9 %	6,3 %	4,3 %	4,0 %

* Tal i tusen kroner

** Implementering av pensjonsforpliktning per 1.1.2016

*** Frå 2016 var det beløpsgrense på kroner 10.000 for å innrapportere A-melding. Antal personar under beløpsgrensa er inkludert i antalet frå og med 2016.

Juli:

200 folkemusikkonsertar i museumstuna (Følefylgje)

September:

Besök av statsråd Sveinung Rotevatn som kunne melde om at «Kulturnauætet» skulle få investeringssidelar frå Staten.

November:

Maritimt verktøyseminar gjennomført med deltagarar frå heile landet.

August:

Markering av restaureringsarbeidet i Agatunet
Markering av restaureringsarbeidet på hardangerjakta «Mathilde»


Oktober:

Offisiell opning av utstilling «Utsyn mot Voss» på Voss folkemuseum

Desember:

Eplemosten «Gamalapal» vart lansert.
Mosten er pressa av frukt frå museet sin eigen samling av frukttrær.

Organisasjon 2021





Bak frå venstre: Elisabeth Wesenlund Hauge, Hans Jørgen Andersen, Lars Ystanes (innvald som vara frå 2022), Åsmund Kristiansen. Framme frå venstre: Solfrid Borge, Lars Mossefinn, Agnetha Sivertsen.

Foto: Kjell Herheim

Styret var i 2021 sett saman slik:

Utnemnd av	Rolle	Namn	Vara
Rådet	Styreleiar	Lars Mossefinn	
Hordaland fylkeskommune	Nestleiar	Solfrid Borge	Gunnar Moland
Rådet*	Styremedlem	Sigrid Brattabø Handegard	1. vara Anne-Sofie Lutro
Rådet**	Styremedlem	Elisabeth Wesenlund Hauge	1. vara Gunnar Skeie
Rådet	Styremedlem	Asbjørn Tolo	2. vara Astrid Selsvold
Rådet	Styremedlem	Hans Jørgen Andersen	
Tilsette	Styremedlem	Alexander Günther	1. Karen Noer Korssjøen
Tilsette	Styremedlem	Agnetha Sivertsen	1. Sissel Lillebostad
Tilsette			2. Marie Vermersch
Tilsette			2. Signe Skeie Brurok
Tilsette			3. Geir Madsen

*Styremedlem til 30.11.21 **Styremedlem frå 30.11.21

Rådet var i 2021 sett saman slik:

Vald av:	Rolle	Namn	Vara
Ordførar i Eidfjord	Rådsleiar	Anders Vatle	Aslak Lægreid
Ordførar i Ulvik	Nestleiar	Hans Petter Thorbjørnsen	Jens Olav Holven
Ordførar i Kvam		Torgeir Næss	Frode Nygård
Ordførar i Ullenvang		Roald A. Haug	Kjellaug Hoås Samland
Ordførar på Voss		Hans Erik Ringkjøb	Sigbjørn Hauge
Voss folkemuseum		Gurid Bonsaksen	Gunnar Hemre Ringheim
Voss folkemuseum		Olav Tvilde	Øyvind Helleland
Agatunet		Amund Velure	Guttorm Rogdaberg
Granvin Bygdemuseum		Lars Brekke	Svein Medås
Hardanger folkemuseum		Sjur K. Jaastad	Margrethe Langfeldt
Hardanger folkemuseum		Marta Rykkje	
Ingebrigts Vik Museum		Harald Kjosås	Beate Gauden
Kunsthuset Kabuso, Tusenårsstaden Hordaland		May Eva Sandvik	Linda Monsen Merkesdal
Hardanger fartøyvernssenter		Torleiv Ljones	Lars Ove Rake
Hardanger fartøyvernssenter		Jan-Fredrik Paulsen	Torbjørn Kaarbø
Kvam Bygdemuseum		Bjørgulg Hauger	Jostein Ljones

Styret si årsmelding

Hardanger og Voss museum vart skipa 17. januar 2006 og har forretningsstad i Utne. Museet har driftsansvar for Agatunet, Granvin bygdemuseum, Hardanger fartøyvernsenter, Hardanger folkemuseum, Ingebrigts Vik museum, Kvam bygdemuseum, Kunsthøset Kabuso, Voss folkemuseum, Dagestadsmuseet og Herand sag. Hardanger og Voss museum er organisert i fem bemanna avdelingar, og har samarbeidsavtalar med stiftingane Agatunet og Hardanger fartøyvernsenter, samt museumslaget Voss folkemuseum og foreininga Hardanger folkemuseum. Desse eig dei fleste bygningane og gjenstandane ved musea. Samarbeidspartane har plass i rådet ved museet.

Føremål

Museet skal驱iva innsamling, bevaring, forsking og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid. Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekks skal musea vere med på å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i rolla som samfunnsmiljøen skal museet vere ein open møtestad der alle er velkomne til å studera, oppleva og finne utfordringar. Museet yt fagleg hjelp i museums- og kulturminnespørsmål til kommunar og frivillige i regionen. Hardanger og Voss museum driftar eit nasjonalt senter for fartøyvern og eit kunsthus som er tusenårsstaden i Hordaland.

Aktivitet

Åsmund Kristiansen vart tilsett som direktør frå 01.01.21.

Aktiviteten gjennom året har vore noko redusert grunna korona-pandemien. Det har vore fleire nedstengningar gjennom året. Publikumstalet har auka noko sidan 2020, men det har stadig vore på eit mykje lågare nivå enn det som er ønskeleg. Museet fekk gjennom 2021 ekstra tilskot til drifta som følgje av pandemien.

Voss Folkemuseum opna i juni ny basisutstilling. Utstillinga vart offisielt opna i oktober med ei fin

markering. Den nye basisutstillinga har vist seg å vere svært populær, og Voss Folkemuseum kan vise til fine besøkstal. Spesielt haustmånadane har vore travle.

På Agatunet har suksessen med sidersmakinga fortsatt. Samarbeidet med andre aktørar om produktet har vore godt, og det har vist seg å vere eit særskilt attraktivt produkt.

Hardingfela.no har hatt eit prosjekt gjennom året kalla Dansegleda. Prosjektet var inspirert av Blime-dansen på NRK, og det vart laga eigen melodi og tekst, samt dansekoreografi til Dansegleda.

Den freda ferja MF Folgefonna har sidan 2018 vorte restaurert ved Bredalsholmen dokk og fartøyvernsenter. Riksantikvaren har tidlegare vore samarbeidspart i dette prosjektet. Frå 2021 overtok Vestland fylkeskommune ansvaret for løvingane til prosjektet, og framdrifta avheng av desse.

Smia ved Hardanger fartøyvernsenter har i 2021 vorte utvida, og dette prosjektet er heilt i sluttfasen. Den utvida smia er venta å vera ferdigstilt tidleg i 2022, og vil vera eit stort løft for arbeidsmiljøet ved Hardanger fartøyvernsenter.

Kultunaustet, som er del av utviklingsprosjektet «Tett på» ved Hardanger fartøyvernsenter, skrid stadig framover. Gjennom 2021 har det kome store løvingar til dette prosjektet. Staten vil bidra med kulturbymidler på i alt 38 millionar kroner, og Vestland fylkeskommune vedtok hausten 2021 å bidra med 9,3 millionar kroner.

Styrande organ

Styret hadde seks møte i 2021, der dei handsama 71 saker. Rådet hadde to møte i 2021, der dei handsama 13 saker.

Det er per 31.12.21 ikkje teikna forsikring for styre- og leiingsansvar. Det er innhenta tilbod på ei slik forsikring, og denne er oppe til vurdering.

I løpet av 2021 har det vore følgjande endringar i Hardanger og Voss museum sitt styre: Rådet gjennomførte i møtet 30.11.21 val av styrerepresentantar til styret. Asbjørn Tolo vart attvald som styremedlem. Styremedlem Sigrid Brattabø Handegard tok ikkje attval, og vart erstatta av Elisabeth Wesenlund Hauge. Vararepresentant Anne-Sofie Lutra gjekk etter eige ønske ut av styret i 2021, og Gunnar Skeie vart vald inn for å erstatte henne. Styret takkar avgåtte styremedlem for verdifull innsats for museet.

Personale

I 2021 vart det utført totalt 62,14 årsverk, medrekna fem lærlingar. Totalt 187 personar var knytt til museet og fekk lønsutbetaling i løpet av året. I tillegg til dei faste tilsette har det vore engasjert sommarvikarar, prosjekttilsette, volontørar og personar som har hatt arbeidstrenings.

Det er ei jamm fordeling av kvinner og menn i museet, men fordelinga er ulik i dei mange yrkesgruppene. Kvinner er i hovudsak tilsett i akademiske og merkantile stillingar. I styret var det tre kvinner og fire menn. I leiargruppa var det tre menn og fire kvinner.

I tråd med §26 i likestillings- og diskrimineringslova vert det kvart 2. år gjennomført kartlegging av lønn fordelt etter kjønn, og kartlegging av bruk av ufrivillig deltidsarbeid.

Hardanger og Voss museum diskriminerer korkje tilsette eller besökande i høve til alder, kjønn, funksjonshemming, religion, kulturell bakgrunn eller seksuell orientering.

Helse, miljø tryggleik (HMT)

HMT-målsetjinga til museet er at det skal vera eit helsefremjande og inkluderande arbeidsmiljø der ingen vert skadde eller sjuke som følgje av arbeid eller arbeidsmiljø. Hardanger og Voss museum har fokus på å ha eit inkluderande arbeidsmiljø og er medlem i Bedriftshelse1.

Museet har felles arbeidsmiljøutval (AMU) og er delt i tre verneområde som alle har eigne verneombod. AMU hadde i 2021 fem møte der dei handsama 42 saker. Gjennom heile året er det gått vernerundar på alle avdelingane. Bedriftshelse1 har gjennomført medarbeidarundersøking og utarbeida hovudrapport og avdelingsvise rapportar.

Det var i 2021 seks arbeidslukker ved museet, alle ved Hardanger fartøyversenter. Tre av dei var alvorlege. Sjukefråveret akkumulert var på 5,0 %, ein nedgang frå 5,9 % i 2020.

Hardanger og Voss museum har ikkje

skada eller påverka det ytre miljøet negativt. Alle tiltak og planar vert vurderte ut frå prinsipp om universell utforming.

Miljøfyrtårn

Hardanger og Voss museum vart godkjend som miljøfyrtårn i 2011. Museet vart resertifisert i 2021. Det er ikkje avdekkja tilhøve som kan medføre ein betydeleg påverknad av det ytre miljøet.

Økonomiske tilhøve

Årsrekneskapen til Stiftinga Hardanger og Voss museum er avgjort etter norske reknesaksstandardar og god reknesaksskikk for øvrige føretak. Årsrekneskapen er avgjort under føresetnad om fortsatt drift. Dette på basis av budsjettet for 2022 som inkluderer tildelte driftstilskot på 33,5 millionar kroner. Hardanger og Voss museum er del av det nasjonale museums-, kunst- og fartøyvernfeltet og får årleg driftstilskot frå Kulturdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Vestland fylkeskommune og lokale kommunar. Museet har i tillegg stort fokus på eigeninntening.

Årsresultatet for 2021 var 0,4 millionar kroner mot 3,6 millionar kroner i 2020. Driftsresultatet i 2021 var 0,3 millionar kroner mot 3,5 millionar kroner i 2020. Driftsinntektene i 2021 auka med 1,1 millionar kroner frå 2020, medan driftskostnadene auka med 4,3 millionar kroner frå 2020. Salsinntektene vart redusert med 0,8 millionar kroner og tilskot og gaver auka med 1,8 millionar kroner. Museet fekk auka driftstilskot frå Kulturdepartementet på 0,9 millionar kroner som følgje av korona-pandemien. Museet fekk i 2021 prosjekttilskot til mellom anna den freida ferga MF «Folgefonn I», skrogreperasjon av hardangerjakta «Mathilde» samt tilskot til den nye basisutstillinga på Voss folkemuseum. Hardanger og Voss museum fekk og 0,2 millionar kroner i gåveforsterking frå Kulturrådet til den nye basisutstillinga på Voss folkemuseum.

Den framtidige pensjonsforpliktinga var per 31.12.21 aktuarberekna til 15,3 millionar kroner mot 12,1 millionar kroner på same tid i fjar.

Disponering av årsresultat

Årsresultatet for 2021 utgjorde kr 389.000 mot kr 3.550.000 i 2020. Årsresultatet vert disponert til annan eigenkapital.

Sentrale risiko og usikkerhetsfaktorar

Hardanger og Voss museum har ein svak eigenkapital i forhold til omfanget av drifta og framtidig pensjonsforplikting. For å møta den langsigchte forpliktinga må museet generera overskot framover, eller få tilførsel av kapital frå stiftarane. Omfanget av drifta avheng av størrelsen på offentlege tilskot og museet si eiga evne til eigeninntening. Endringar i rammevilkåra frå det offentlege vil påverke museet si evne til å levera i tråd med samfunnsoppdraget. Det er betydeleg usikkerhet knytt til vurderingar av framtidige tilhøve.

Finansiell risiko

Risikostyring og internkontroll står sentralt i Hardanger og Voss museum si styring av verksemda. Hardanger og Voss museum er eksponert mot marknadsrisiko i form av oppdragsmengde innan bygningsvern og fartøyvern, samt tal på besøkande. Museet skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar for å sikre tilførsel av relevant kompetanse og for å vidareutvikle gode opplevelingar for både oppdragsgjevar og besøkande.

Museet er eksponert mot endringar i rentenivået i form av langsigkt lån og avkastning på likvide midlar på bankkonto. Museet er avhengig av årlege offentlege løyingar. Museet er liten grad eksponert mot endring i valutakursar.

Kredit- og likviditetsrisiko

Risiko for at motpartar ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine forpliktingar vert vurdert som låg. Historisk sett har det vore små tap på krav. Likviditeten i 2021 har vore god, og likviditetsgrada var god per 31.12.21.

Kontantstrømoppstillinga viste positivt bidrag frå operasjonelle aktivitetar på 2,4 millionar kroner mot 6,0 millionar kroner i 2020. Investeringsaktivitetane var i hovudsak finansiert med tilskot frå samarbeidspartnarar. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar var -4,8 millionar kroner mot - 1,0 millionar kroner i 2020. Finansieringsaktivitetane var dels finansiert av tilskot frå

samarbeidspartnarar. Netto kontantstrøm frå finansiering aktivitetar var -0,3 millionar kroner som er uendra frå 2020.

Takk

Styret ynskjer å rette ein takk for alle giiver til museet i 2021. Me er og svært takksame for engasjementet dei frivillige og tilsette ved museet legg ned.

Me vonar at det gode samarbeidet kan halde fram i åra som kjem

Voss, 23. februar 2022



Lars Mossefinn
Styreleiar



Solfrid Borge
Styremedlem



Hans Jørgen Andersen
Styremedlem



Silje Ensyby
Styremedlem



Agnetha Sivertsen
Styremedlem



Asbjørn Tolo
Styremedlem



Elisabeth Wesenlund Hauge
Styremedlem



Åsmund Kristiansen
Direktør



Ny direktør i HVM, Åsmund Kristiansen. Foto: Silje Ensyby

Administrasjonen si årsmelding 2021

Forord frå direktør

Koronapandemien sette rammer for verksemda til Hardanger og Voss museum (HVM) også i 2021. Men der 2020 var prega av stor uvisse og kjensla av å ferdast i ukjent farvatn utan kart og kompass, har trass alt 2021 vore eit år der planlegging, utsetjing, avlysing osv. har gått greiare. Det uføresieielege har skapt utfordringar, men har vore lettare å takla enn i 2020. Det har vore nokre stengde dører for publikum, men for det meste har HVM greidd å halda oppe ei rekke tilbod. Ressursbruk knytt til smittevern og korona-situasjon har vore omfattande.

Likevel kan me sjå tilbake på eit aktivt år der det har vore framgang på fleire av måla me har sett oss. I juni opna Voss folkemuseum dørene inn til den nye basisutstillinga, «Utsyn mot Voss». Den offisielle opninga kom først 27. oktober, nettopp grunna smitteverntiltak. Fylkesdirektør for kultur, miljø og

integrering i Vestland, Per Morten Ekerhovd, opna utstillinga saman med stortingsrepresentant Linda Monsen Merkesdal og Hans-Erik Ringkjøb, ordførar i Voss herad. Fornyinga av Voss folkemuseum inneber meir enn basisutstillinga, og har vore eit strategisk mål me har arbeidd lenge med, så det var svært kjekt og gledeleg å sjå dette vel i hamn.

Agatunet har vore under restaurering i mange år, men etter avstenging av deler av tunet i 2007 starta ein meir målretta på å få betra tilstanden. Stortingsmelding nr. 16 (2004–2005), Leve med kulturminner, la opp til at freda og fredningsverdige kulturminne og kulturmiljø skulle ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Dette har vore omtala som «2020-måla» i kulturminnevernet. Etter som åra gjekk såg ein at det ikkje var realistisk å nå 2020-måla, men i Agatunet har ikkje det nasjonale målet vorte gitt opp. Den 14. august

kom derfor statsråd for kulturminne, Sveinung Rotevatn, til Agatunet for å vera med på markeringa av at 2020-målet var nådd i Agatunet.

Hardangerjakta «Mathilde» vart restaurert tilbake til opphavleg utsjånad i 1989. Vel 30 år seinare var det trøng for ein ny omgang på skrog og rigg. Eit parti i baugen, rekker og deler av akterenden hadde røteskader. Dessutan var det trøng for arbeid med riggen. Arbeidet tok til hausten 2020 og vart ferdigstilt våren 2021. Den 26. august kom stortingsrepresentantane Liv Kari Eskeland og Ove Trellevik, i lag med ordførar Torgeir Næss og fleire lokalpolitikarar, og markerte at den andre restaureringa av «Mathilde» var fullført.

Stortingsrepresentant Silje Hjemdal var innom ved fleire høve i 2021. Det eine var ved ei utstillingsopning på Hardanger fartøyvernssenter, der fleire av handverks-filmane som har gjort suksess på sosiale medium vert synt fram på større lerret og i ein kulturhistorisk samanheng. Dette skjedde 9. august. Men tidleg på året kom Hjemdal med ei positiv melding: Ho hadde fått fleirtal i Familie- og kulturkomiteen for eit verbforslag til støtte for utviklingsplanen «Tett på» og Kulturnaustet ved Hardanger fartøyvernssenter.

Kulturnaust-prosjektet hadde fleire politiske vitjingar i 2021. Både Kulturminister Abid Raja og Klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn var innom i løpet av sommaren. Rett før stortingsvalet i september kom Rotevatn nok ein gong innom, no med budsjettlekkasje. «Tett på»-prosjektet skulle få kulturyggmidlar frå staten, i alt 38 mill. kroner! Like spanande vart det seinare på hausten, då fylkestinget skulle handsama ein søknad om 9,3 mill. kroner til det same prosjektet. Saka var utsett frå møtet i mai, men resultatet vart som me vona.

Utviding av smia ved Hardanger fartøyvernssenter var heilt naudsynt, både av omsyn til plass og arbeidsmiljø. Dei seinare åra har ein del arbeid vorte gjort utandørs, då ventilasjon og prosessavvug ikkje var godkjent av Arbeidstilsynet. Dette har vore eit stort løft, der både Kvam herad og Riksantikvaren har bidrøge med tilskotsmidlar.

Økonomisk har HVM hatt eit ganske bra år, når ein ser på arbeidet på avdelingane, inntekter frå publikumsretta verksemd og oppdrag. Men to ukjende jokerar har gitt eit ikkje fullt så tilfredsstillande resultat. Den første kalddusjen fekk me tidleg på hausten då aktuarberekingen av framtidig pensjonsforspliktning innebar at me måtte setje av 3,1 mill.

kroner. Utover hausten auka straumprisen og enda opp med ein høgare kostnad på om lag 750 000 kroner enn HVM hadde i 2020. Dette vart ei heit politisk sak på nasjonalt nivå og regjeringa har innført mottiltak. I skrivande stund har det ikkje kome ei støtteordning musea kan nytta seg av.

Folkemusikk og folkedans har vore hardt råka av pandemien. Då var det ekstra kjekt at hardingfela.no sitt arrangement UngOsa fekk rekorddeltaking under Osa-festivalen på Voss 27.–30. oktober. 60 deltakarar frå seks år og oppover deltok på hardingfele, toradar, dans og kveding. Inspirert av «BlimEdansen» har hardingfela.no i lag med andre utøvarar utvikla den nasjonale og til dels internasjonale dansen «Dansegleden». Her er det skrive og arrangert musikk, koreografert dans og spelt inn instruksjonsvideo. 20 videoar kom inn, og desse er redigerte saman til éin film.

For dei tilsette i HVM har det vore mindre sosialt på jobb under pandemien. Ein del har hatt periodar med heimekontor. Møte, seminar og andre arrangement har vore vanskeleg å gjennomføre. Då var det ekstra kjekt å samle alle til HMT-dag på Voss 1. november, der alle fekk omvising på Voss folkemuseum. Deretter var det fagleg fokus på ny rutine for varsling av kritikkverdige forhold. Kvelden vart avslutta med middag i Smalahovetunet.

I høve strategisk plan er det verdt å framheve to område som har kome eit steg vidare i 2021. Gjenstandsmagasinet på Hardanger folkemuseum har gjennomgått ein sokalla ReOrg-prosess, der fagfolk frå Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Salhus har vore med og rydda og organisert det eine magasinet. Det andre er at forsking og kunnskapsutvikling har tatt eit steg vidare. Ein fagfellevurderd forskningsartikkel vart trykt, og på hausten vart det klart at eit omfattande treårig prosjekt fekk støtte av Kulturrådet. Dette skal utvikle Vestland sin forskingsinfrastruktur, og HVM er eitt av tre museum som har utvikla prosjektet. To avdelingsleiarar skal i 2022 vie meir av tida til kunnskapsbygging og vikarar er for desse er på plass.

Eg vil takka alle kollegaer for godt samarbeid i 2021. Takk for tolmod i samband med pandemien, det har vore mange ekstra rundar. Alle som har vore innom, politikarar, forvaltning og gjester har bidrøge til gode møte og framgang på mange av HVM sine arbeidsfelt. Takk for godt samarbeid med styret i HVM og med eigarstyra. Frivillige som er knytt til museet, tilskotsytarar og andre samarbeidspartar skal òg ha takk for innsats og støtte i året som gjekk.

Visjon: «Gode opplevelingar å bryna seg på»
Verdiar: Raus. Engasjert. Truverdig.

FORVALTING AV MATERIELL KULTURARV

HVM skal i fylge eigen strategi samla inn, bevara, vidareføra og sikra både materielle og immaterielle kulturminne, i tråd med gjeldande planar og avtalar. Innsamlingspolitikken skal vera restriktiv. Eitt av måla er å forvalta samlingane gjennom aktiv bruk av digitale verktøy, både når det gjeld registrering, koordinering og tilgjengeliggjering. Kulturhistoriske bygg og anlegg skal forvaltas slik at dei er på eit godt vedlikehaldsnivå.

Gjenstandsforvaltning

Både ved Hardanger folkemuseum og Voss folkemuseum er det gode magasin. Ein liten del av samlinga er flytta til fellesmagasinet på Salhus, der tilhøva er optimale. Om lag 8000 gjenstandar er ikkje tilfredsstilande oppbevart. Dette er i all hovudsak gjenstandar som står i museumsbygningar, og som er plasserte der for å skapa miljø i husa. Museet manglar innsamlingsplan og må prioritera større ressursar til samlingsforvalting og registrering framover. Det er fullt i magasina og noko av samlinga står på eksterne lager. Det har vore liten tilvekst til samlingane. Me er generelt restriktive med å ta mot tilvekstar.

Hausten 2021 gjekk **Voss folkemuseum** i gang med å registrera og plassera gjenstandar som har kome inn dei siste åra. Her er det mellom anna snakk om ei stor samling premiar, feler og anna utstyr etter meisterspelemannen Lars Skjervheim.

Me har eit stort etterslep på dette feltet, og det vil ta lang tid før me er der me bør vera.

Hausten 2021 gjennomførde **Hardanger folkemuseum** ein ReOrg-prosess, der fagfolk frå Bevaringstjenesten ved Museumssenteret i Salhus var med og rydda og organiserte det eine magasinet. Før prosjektet starta opp vart store delar av «Nyemagasinet» tømt, og gjenstandar lagra mellombels. Nye hyller vart monterte i delar av magasinet, slik at plassen kunne nyttast meir effektivt. Dei to vekene ReOrg gjekk føre seg jobba me oss gjennom hylle for hylle, pakka om, komprimerte og omorganiserte. Det var eit svært nyttig og spennande arbeid, som tilførde museet mykje ny kunnskap om arbeid i magasin.

Ved **Kvam bygdemuseum Storeteigen** er me godt i gang med registrering av alle objekta i samlinga. Staben ved Kabuso har i 2021 fått god opplæring av Håkon Brattespe i registreringsprogrammet Primus.

Forvaltning av historiske bygningar

I **Agatunet** byrja restaureringa av Johansstabburet før jol i 2020, og arbeidet heldt fram på nyåret. Hellene var tekne ned av taket, og ganske omfattande skader vart avdekka. Alle lektene vart skifta, og 17 av 22 sperr synte seg skadde av



Klima og miljominister Sveinung Rotevatn på vitjing i Lagmannssova i Agatunet. Foto: Line Iversen.

husbukk og måtte skif tast. Begge stolpane på sørveggen vart òg skifta ut. Siste hella var lagt på plass att 19.1.21, og med det kunne me slå fast at me ikkje hadde noko bygg med svært stort behov for tiltak (tilstandsgrad 3 /TG3) i Agatunet! Det vil seia at me, 19 dagar på overtid, nådde målet me sette oss i 2004: Innan utgangen av 2020 skulle alle hus i Agatunet vera på vedlikehaldsnivå .

Laurdag 14. august feira me at Agatunet har kome på vedlikehaldsnivå, etter mange år med store restaureringsprosjekt. Klima- og miljominister Sveinung Rotevatn var gjest, saman med deltakarar frå Klima- og miljødepartementet, Vestland fylkeskommune, Ullensvang kommune, eigarstyret i Agatunet og Håkon Kvestad AS. Me skulle gjerne invitert fleire gjester til feiringa, men det let seg ikkje gjera grunna pandemien.

Etter nokre veker utan bygg i TG3, vart det oppdaga lause heller og røte på Ådnesstabburet. Vestland fylkeskommune løvdde midlar til restaurering, og arbeidet starta opp hausten 2021. Heller vart demonterte, og alt røte material vart skifta ut. Glava-isolasjon, som me trur vart lagt i veggger, golv og



tak i 1970-åra, er fjerna. Måten å isolera på med å nytta eit moderne materiale i eit 1700-tals bygg på feil måte har ført til både røte og angrep av skadedyr. Helletaket på oppsida av bygningen var òg noko tilfeldig, ruteheller låg feil veg og der var mange lekkasjar. Gamle foto og teikningar viste ei anna helletekking, og me har følgt dette ved omvøla av helletaket. Vøla held fram i 2022, og då skal bygget også brannsikrast med sprinkleranlegg.

Delar av kjellarmuren på husmannsplassen Nesjastova i museumstunet på **Hardanger folkemuseum** på Utne rasa saman i vår. Huset er eitt av få som står på opphavleg stad, og eitt av få som stod på Neset då museet overtok området i 1970-åra. Bygget har trong for omfattande restaurering, og det er vanskeleg å finna midlar til dette. Det var i utgangspunktet sett av midlar til noko arbeid på huset, men då muren rasa vart arbeidet langt meir omfattande enn det var budsjettet for. Det var likevel best å få muren sett opp att no, og det har vorte veldig bra. Me er no eit godt steg vidare med å ta vare på bygget. Planen for kjellaren er å få laga eit universelt utforma toalett der. Arbeidet med Nesjastova held fram i 2022. Ei løying frå Vestland fylkeskommune tek oss eit godt stykke vidare.

Arbeid med vedlikehald av dei historiske bygningane vore prioritert. To av husa i tunet på Utne har fått nye kjellardører, og fleire røteskadde takrenner er skifta.

Me har òg hatt vitjing frå *Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider* i samband med vøling av klebersteinsvindauge i Lagmannsstova. Her vart det diskusjonar om korleis arbeidet skulle skje, og kor mykje ein skulle kartlegga før arbeidet tek til. Arbeidet strekkjer seg inn i 2022.

I sommar vart ein syllstokk i vestveggen på stallen på **Nesheimstunet** på Voss skifta. Bortsett frå det vart det berre gjort mindre førefallande arbeid. Muren som raste ut i **Oppheim gamle prestegard** i 2020 vart sikra. Målet var reparasjon i 2021, men dette er utsett til 2022.

I Torsteinstova ved **Kvam bygdemuseum** reparerte handverkar ved HFS to av vindauge, i tillegg laga og monterte han nye takrenner på begge stovene. I taket på møbelverkstaden vart ein liten lekkasje tetta.



Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider vører klebersteinsvindauge i Lagmannstova. Foto: Line Iversen.

Forvaltning av historiske fartøy

MF «Folgefonn I» står i dokka ved Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernsenter. Her har arbeidet med reparasjon av undervannsskroget på MF «Folgefonn I» heldt fram i 2021. Det er jobba med utbetring av spant i salongen forut, samt utbetring og fornying av hudplater på begge sider forut. Arbeidet har bestått i demontering og kopiering av hudplater med klargjering for montering som rustbanking og reparasjoner på spant og mellomlegg. Deretter montering, brotsjing og klinking av hudplater. Arbeidet stoppa opp i august då tilskotsmidlane var brukt opp for det året. Arbeidet starta så vidt opp igjen i slutten av desember og ein jobbar i skrivande stund for førehandstilsegn for 2022. Det har ikkje blitt jobba med hovudmaskina i 2021. Denne står lagra i lokala til Norsk Veteranmotor AS på Rubbestadneset. Ein totaloversikt på prosjektet er utarbeidd, slik at ein kan planlegga vidare arbeid og finansiering.

Driftsbygningar og anlegg

På Hardanger folkemuseum er personalrommet oppgradert med ny kjøkeninnreiing. Det gamle var frå 1980-åra, og hadde definitivt sett sine beste dagar.

Museumsbutikken på Utne har vorte oppfriska, og var klar og innbydande for ein ny sesong. Gjerdet på altanen vart sikra mot klatreulykker. Kafékjøkenet i Agatunet har vorte noko utbetra, like eins personalkjøkenet. Det har òg vore gjort utbetringar på personalbad og i vaskekellar, og gjennomført større oppryddingsaksjonar på kontor og lagringsområde.

På Skredhaugen har geitene fått nytt, fint gjerde. Skredhaugens vene stilte mannsterke opp og hjelpte med dette.

I samlingsbygget ved Voss folkemuseum vart personalgarderobane pussa opp.

Utviding av smia og etablering av «Smietunet» er ein del av generalplanen «Tett på» for Hardanger fartøyvernsenter. Smia vert ferdigstilt i starten av februar 2022. Prosjekt «Kulturnaustet» tok eit sjumilssteg nærmare realisering då både departementet og fylkeskommune løydde dei nødvendige millionane til utviklingsprosjektet.

Arkiv og bibliotek

Voss folkemuseum har ei boksamling på rundt 20 000 bøker. Om lag 3000 av desse er registrerte i BiblioFil, registreringsprogrammet Voss Bibliotek nyttar. Det er råd å søkja i samlinga vår frå nettsidene deira.

Det nye digitale arkivet til **Hardanger fartøyvernsenter** inneheld no rundt 214 000 filer. Desse er i hovudsak fordelt på foto, video, dokument, teikningar og rapportar, og er basert på søkbar tekst (metadata).

Målet er å digitalisere alt analogt materiale som passar i dette arkivet. Digitaliseringa av lysbiletkivet til HFS (ca. 1600 foto) er snart ferdig, og planen er at også negativ, papirbilde, rapportar og teikningar skal bli tilgjengelege digitalt.

I løpet av første halvår vart det oppretta eit felles dokumentasjonssenter for dei tre nasjonale fartøyvernsentra; «Dokumentasjonssenter for fartøyvern», med utgangspunkt i arkivarbeidet som er gjort ved HFS. Dette betyr at Nordnorsk fartøyvernsenter og Bredalsholmen dokk og fartøyvernsenter no er i gang med å leggja inn filer i fellesarkivet. (<https://dokumentasjonssenter.fartoyvern.no/fotoweb>)

Fagbok-samlinga er på omkring 1500 titlar. Bøkene vart løpet av 2020 lagt inn i biblioteksystemet MicroMarc. Sjølv om alle no er lagt inn i systemet, står det att noko arbeid med innlegging av metadata på bøker som det ikkje finst digital informasjon om i Nasjonalbiblioteket eller andre bokbasar. Det vert fortløpande lagt inn nye titlar i samlinga.

Arbeidet med å samla inn, digitalisera, og sikra arkivmateriale frå fartøyigarar held fram. Dette er også ein del av Arkivprosjektet, som mellom anna går ut på å få fram erfaringar med å sikra historisk kjeldemateriale om dei verna og freda fartøya.



Krot i Borgstova i Vikøy. Foto: Anne Lise Brask Eriksen

FORVALTNING AV IMMATERIELL KULTURAR

HVM HVM prioriterer tradisjonelle handverksfag og folkemusikk. Dei maritime faga er fartøybyggjar, småbåtbyggjar, skipssmed, mekanikar, reipslagar og bestmann. **Hardanger fartøyvernsenter** er godkjent som lærlingbedrift innan smed-, reipslagar- og båtbyggjarfaget. **Hardanger folkemuseum** har tilsett hardingfelespelar ved folkemusikkarkivet, som ein del av ordninga med fylkesmusikar som vart innført tidleg i 1990-åra. **Hardingfela.no** er ei vidare satsing på folkemusikk i partnarskap med Ole Bull Akademiet på Voss. I partnarskapen samarbeider me om folkemusikk som hardingfelespel, folkedans, kveding og felebygging. HVM har stor aktivitet på bygningsvern, både gjennom restaureringsarbeid i museumstuna og som læringsarena for Fagskulen i Vestland si bygningsvernutdanning. Forvalting av immateriell kulturarv er såleis integrert i mange sider av drifta ved HVM, gjennom restaurering av historiske bygg og fartøy, fagopplæring, kurs m.m.

Reipslagning

Ei viktig satsing ved **Hardanger fartøyvernsenter** har vore arbeidet med å skaffa hamp til tauproduksjonen vår. Me har brukt ressursar på å finna fram til ein leverandør som kan skaffa oss råvarer av ein kvalitet me tykkjer er god nok. Det går no mot bestilling av eit større kvantum frå Kina.

Utpå hausten kom me oss omsider ein tur til Sverige og fekk slått tjukke tau på utdrivarbana i Älvängen, noko koronasituasjonen hadde gjort vanskeleg i lang tid. Dermed kom me vidare i jobben med å produsera rigg til Sunnmørsjekta.

Me har i løpet av året kome vidare i samarbeidet med Nordmøre museum om å få til drift av Brunsvikens reiparbane i Kristiansund. Når denne reiparbanen vert operativ slepp me utanlandsreiser kvar gong me skal slå tau i dei tjukkare dimensjonane.

Ut over desse prosjekta har me produsert tau på bestilling, kome godt i gang med bygging av nytt tjøreverk, gjennomført

eit seminar om bruk av hampetau, nyutvikla og gjennomført eit skuleopplegg i regi av *Den kulturelle skulesekken* for ungdomskuleelevar og formidla kunnskap om reipslageryrket til fysiske og digitale gjester gjennom verkstadsbesøk og digital formidling.

Småbåtverkstaden

Småbåtverkstaden ved **Hardanger fartøyvernsenter** ferdigstilte i løpet av året ein hardangerfæring til Universitetet i Sørøst-Norge og to strandebarmar-færingar bygd på spekulasjon. I løpet av året har me laga sju tilstandsrapportar, restaurert fire båtar, og dessutan levert elleve par årar.

Me har gjennomført fleire dokumentasjonsarbeid knytt til tradisjonsbåtar i ulike delar av landet. Eit interessant dokumentasjonsoppdrag var knytt til Neiden-båten i Finnmark. Dette vart gjennomført i samarbeid med Skoltesamisk museum og finansiert av Riksantikvaren.



Med utgangspunkt i verkstaden har me formidla byggeprosjekt og båtkultur til ulike grupper. I september gjennomførte me eit DKS skuleopplegg for småskulen om båtbygging, og me gjennomførte i løpet av året fleire kurs.

Registrering av naustmiljø i Hardanger har vore gjort dei tre siste åra. Rapporten frå 2020 er oppdatert med nye opplysningar og nye båtar og naustmiljø. I katalogen er det no om lag 140 båtar, inkludert båtar eigde av museum. I denne omgangen er båtar frå 1800-talet prioritert. Alle båtar har eiga mappe der alle opplysningar er samla, t.d. intervju med eigarar. Alle eigarar av båt og naust har fått brev med opplysningar om korleis dei kan ta vare på båt og naust, og eventuelt søka om støtte til restaurering.

Tekstil

På **Hardanger folkemuseum** annonserte me i alt sju helgekurs i tekstile handverksteknikkar i vår første felles kurskatalog i HVM. To fullteikna bringklutkurs måtte flyttast frå vår til haust, grunna smittevernrestriksjonane. Det vart såleis ein hektisk haust med tre bringklutkurs, to hardangersaumkurs, og eitt kurs i smøyg. Samarbeidspartar for kursa har vore Utne hotell og Folgefond husflidslag.

Bygningsvern

Å krota tyder å dekorera med mønster eller geometriske figurer. Denne typen mønster er vanleg på mange typar gjenstandar og var ikkje minst vanleg i dei gamle røykstovene. Dette er bygningar med open eldstad og ljore i taket, noko som gjev svarte veggar. Eitt av omfara i det lafta huset vart tradisjonelt pynta eller krota med ein kvit måling. Denne forma for dekormåling er gått ut av tradisjon, men er atterreist ved **Hardanger folkemuseum**. Såleis er det dei seinare åra gjennomført ei rekke prosjekt med å måla opp att ei pyntebord eller krotebord i gamle røykstover.

Kroteprosjektet i **Borgstova i Vikøy** i Kvam vart fullførd i 2021. Der går kroteborden no heile stova rundt, og det er festa skodder på innsida framføre vindauge slik at stova står fram like mørk som ei røykstove før ho fekk vindauge. Førebletet for kroteborden er mellom anna henta frå Adolph Tidemands mange arbeid med motiv frå røykstover, der fleire akvareller er frå Vikøy. Borgstova var nytta som scene for det kjende verket *Haugianerne*.

I juli var fleire av dei tilsette på museet på personaltur til Herand for å sinka never til taktekking. Teknikken med å flekka never av bjørketreet kallast òg å losta. Dette må skje på eit tidspunkt på sommaren då nevra sit lausare på stammen enn elles i året. Nevra som var henta i Herand skal me nytt til taktekking på husa i museumstuna. Me har framleis fleire bygg som ikkje har autentiske nevertak, og med tida skal alle desse bytast ut med nevertak tekka slik me lærte av handverkaren og tradisjonsberaren Steinar Mølster.

Satsinga på bygningsvernoppdrag ser ut til å verta viktig for **Hardanger fartøyvernssenter** på sikt. I 2021 fikk me i oppdrag å setja i stand det freda stabburet ved prestegarden i Strandebarm. Her hadde eigar invitert til markering av prosjektet med handverkarane våre, lokalavisa Hordaland Folkeblad og rådgjevar frå Fylkeskommunen. Alle var strålende nøgde og avisar skreiv ein positiv artikkel etterpå.

Oppgangssaga i Herand vert drive som eit prosjekt under Fartøyvernnavdelinga ved HFS. Saga er eit freda kulturminne der den immaterielle sida er viktig. I 2020 leverte me ein del material på bestilling, og tok òg noko heim til eige lager.

Fartøyvern

Restaurering og sjøsetting av vår eigen S/J «Mathilde» var eit høgdepunkt i 2021. Det vart høgtidleg markert i august i lag med tilsette, stortingsrepresentantar og lokale politikarar, i tillegg til gjestar og tidlegare tilsette.

Riksantikvarens satsing på «fellestener» ved **Hardanger Fartøyvernssenter** må reknast som ein suksess for oss, og gir stadige høgdepunkt. Tilskotsordninga har fram til 2021 vore berre for dei tre nasjonale fartøyvernssentra, medan no er det ope for andre å söka. Me har lukkast med satsinga på konsulenttenester og har på ein god måte greidd å involvera handverkarane òg.

Utviding og utbetring av smia starta opp etter nokre års planlegging, prosjektering og finansiering. Dette er eit naudsynt løft for arbeidsmiljøet ved HFS og me ser fram til at dette vert ferdig i 2022.

Vidareføring av handverk er ei av kjerneoppgåvene ved dei tre nasjonale fartøyvernssentra. Fartøyvernnavdelinga har også dette året brukt store ressursar på å dokumentera handverk, både gjennom å studera eldre handverksprodukt, verktøy, litteratur m.m. og gjennom eiga utøving. Dette bidreg til eit stadig større materiale som igjen dannar grunnlag for vidareføring og forvalting.

I 2021 har me halde fram med å dokumentera ulike teknikkar knytt til riggarfaget og reipslagarfaget. Me har òg arbeidd med materialkunnskap knytt til dekksmaterial, stål og hamp.

Ved utgangen av 2021 hadde Hardanger fartøyvernsenter fem lærlingar: Ein i reipslagarfaget og fire i trebåtbyggjarfaget (den eine er knytt til småbåtverkstaden). To fagprøvar vart gjennomførte i 2020. Lærlingordninga er viktig både for å vidareføra kunnskap og rekruttering. Å bidra til at ungdom får fullføra utdanninga si i ei læreverksemd er ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt.

Samarbeidet med Vestland Fylkeskommune om vidareutdanning av bygningsvernhandverkarar gjennom Teknisk Fagskule held fram, og saman med tilknytinga til NTNU gjer dette nye perspektiv og auka kompetanse på forvaltninga av immateriell kulturarv, vidareføring av handverkskompetanse og opplæring.

Hardingfela.no

2021 var første året der hardingfela.no hadde faste driftsmidlar gjennom statsbudsjettet og auka driftsmidlar frå Vestland fylkeskommune. Trass i koronarestriksjonar delar av året har me fått gjennomført mykje av aktivitetsplanane for 2021. Nokre av dei større satsingane våre var UngOsa (der det var deltakarrekord), 200 konserter i juli månad med dei unge utøvarane i Felefylgje, Morgondagens Felemakarar har kome langt på felene sine, og me fekk gjennomført Dansegledede – ei stor satsing i eit år der dansen har vore særskadelidande p.g.a. korona.

Prosjektet hardingfela.no er eigd av Hardanger og Voss Museum og Ole Bull Akademiet og har to tilsette i full stilling. Den eine har hatt 50 % permisjon i 2021.

Styret til hardingfela.no består av
Jo Asgeir Lie, rektor ved Ole Bull Akademiet
Åsmund Kristiansen, direktør ved Hardanger og Voss museum
Agnete Sivertsen, styrar ved Hardanger Folkemuseum
Styret har hatt sju møte i 2021.

Rådet for hardingfela.no består av:
Per Øyvind Tveiten, Hordaland folkemusikklag
Knut David Hustveit, Sogn og Fjordane folkemusikklag
Øystein Rambjørg, Hordaland ungdomslag
Olaf Skjerdal, Sogn og Fjordane ungdomslag
Sølv Lien, Førdefestivalen
Wenche Gausdal, Vestland fylkeskommune
Ida Dyrkorn Heierland, Osafestivalen
Jo Asgeir Lie, Ole Bull Akademiet
Åsmund Kristiansen, Hardanger og Voss museum
Rådet har hatt eit møte i 2021.

Attåt dette er dagleg leiar med i ressursgruppa for formidling i HVM, og dei to tilsette i hardingfela.no deltek på personalmøte på Ole Bull Akademiet og har jamlege oppdateringar saman med Hardanger Folkemuseum.

Dansegledede

Dansegledede vart den største satsinga og mest tidkrevjande satsinga til hardingfela.no i 2021. Ideen kom frå folkemusikar Lajla Renate Buer Storli. Ho var inspirert av BlimE-dansen til NRK og hadde lyst til å gjera noko liknande med utgangspunkt i folkemusikk og folkedans. På kort tid laga ho ein tekst, og melodien laga ho saman med John Ole Morken. Dansegledede vart arrangert av Jo Asgeir Lie, og i studio for innspeling av single hadde Lajla og John Ole med seg Kvarts. Attåt fekk me med oss Berit Opheim og ein stor gjeng frå Voss kulturskule til å kora på Dansegledede. Deretter laga Inga Myhr og Magni Rosvold ein flott dansekoreografi til Dansegledede. Me leigde inn Front Film til å filma instruksjonsvideoar der Inga og Magni syntet koreografien del for del. Deretter laga me ein inspirasjonsvideo der unge og eldre dansarar dansa til Dansegledede på Hardangerbrua, Mølstertunet, Fløyen og Akvariet i Bergen. Alt dette vart spreidd på YouTube og sosiale medium og fekk god presseomtale. Me oppfordra alle til å senda inn eigne Danseglededevideoar som me skulle redigera saman til ein stor Danseglededevideo.

Me hadde heile tida med oss FolkOrg på laget som m.a. bidrog til å spreia informasjon kring Dansegledede til sine medlemslag. Det vart dansa til Dansegledede kring i heile landet og til og med i Sør-Afrika. Me fekk inn kring 20 videoar, og filma også sjølv på Skare skule, Låtefoss, på Bjølvefossen i Ålvik saman med Ålvik skule, på Lofthus saman med leikarringen på Lofthus og aspirantgruppa til Ullensvang skulemusikklag, seniorringen på Utne og eit fotballag på Voss. Alt dette vart redigert saman til ein stor Danseglededefilm som hadde premiere i november. Også på UngOsa hadde me Dansegledede som raud tråd med stort avslutningsnummer under UngOsakonserten i idrettshallen på Voss. Gjennom heile prosjektperioden så hadde me eit særskilt godt og positivt samarbeid med Lajla Renate Buer Storli, John Ole Morken og andre samarbeidspartar.

Dansegledede vart støtta av Sparebanken Vest.



UngOsa

UngOsa er eit storkurs som hardingfela.no arrangerar i samarbeid med Osafestivalen. Dette var sjette gongen me arrangerte UngOsa. I 2020 fekk me berre til éi dagssamling p.g.a. covid 19. I 2021 var me tilbake til normalen og hadde kurs frå fredag 29. oktober til sundag 31. oktober. Det var deltakarrekord med 60 utøvarar på hardingfele, toradar, kveding og dans frå seks år og oppover. Me heldt til på Voss ungdomsskule, Voss Vandrarheim, Voss ungdomshall og Voss idrettshall. Attåt å ha kurs fekk deltakarane sjå førestillinga «Dei gamle er eldst», dei hadde sjokoladeappleik og mykje sosialt, i tillegg til avslutningskonsert i Voss idrettshall. Den rauda tråden til årets UngOsa var Dansegleda, og avslutningsnummeret på UngOsakonserten var dans og song til Dansegleda med m.a. Kvarts. Samstundes med UngOsa hadde Bygda Dansar – Hordaland samling for deltakarar 14–20 år.

Årets lærarar var

- Arngunn Timenes Bell, Maria S. Toppe, Ingrid S. Stuhaug og Knut Hamre på hardingfele.
- Ole Nilssen og Ingvild Seilen på toradar
- Åsmund N. Øydvin og Inga Myhr på dans
- Kim Rysstad og Lajla R. B. Storli på kveding
- John Ole Morken på samspel (nytt tilbod av året)

Morgondagens felemakarar

I samarbeid med felemakarverkstaden på Voss fekk me i 2020 i gang Morgondagens felemakarar. Seks born og unge frå Hardanger og Voss hospiterer på felemakarverkstaden to timer kvar veke, og i løpet av tre år skal dei ha laga si eiga hardingfele. Nokre halvferdige delar til felene er kjøpt inn frå felemakar Ole Gjerde. Dei unge felemakarane har kome langt på felene sine, som kanskje kan verta spelbare i løpet av 2022. Hausten 2021 hadde deltakarane ein inspirasjonstur til felemakar Sigvald Rørlien. Morgondagens felemakarar har fått stønad frå Norsk Kulturråd, Vestland fylkeskommune og lokal stønad frå Voss herad og Sparebanken Vest.

Felefylgje – konsertar i museumstuna

Etter ein pause i 2020 hadde me igjen solokonsertar i museumstuna. Jonas Laupsa (hardingfele) spelte konsertar på Hardanger Folkemuseum, Agatunet og Skredhaugen. Siri Nordgård (toradar) spelte konsertar på Voss folkemuseum og Ingrid Standal Sørheim (toradar) spelte konsertar på Hardanger Fartøyvernsenter og Storeteigen. I løpet av juli spelte dei til saman 200 konsertar på kring 20 minutt. På Mølstertunet var den første av tre daglege konsertar retta spesielt mot born. Det var ein suksess som Mølstertunet gjerne vil vidareføra. Ingrid Standal Sørheim inviterte med seg gjestemusikarar og hadde eit allsidig opplegg. Dei tre utøvarane hadde også ein veldig fin felles konsert på sesongopninga av Skredhaugen.

Sekretariat for Vestland fylkeskommune sine folkemusikk og folkedansstipend

Hardingfela.no har dei siste åra vore sekretariat for Hordaland fylkeskommune sine folkemusikkstipend. Vestland fylkeskommune har vidareført ordninga og hardingfela. no er framleis sekretariat for nemnda som innstiller til

stipendvinnarar. Årets vinnarar var instrumentmakar Lars Tønnesen (60 000 kroner) og musikarane Arve Berg (25 000 kroner) og Signe Førre (25 000 kroner).

Frivillig arbeid

På **Skredhaugen** har Skredhaugens vene hatt konsertar og arrangement i sommar, sjølv om det også her vart litt endringar i planane. Samarbeidet med venelaget er veldig kjekt, og dei gjer ein super jobb for Skredhaugen og bygda.

Agatunet si kunstgruppe kuraterer kunstutstillingane i Agatunet, og er gode støttespelarar i formidlinga av desse. Vikebygd og Aga bygdekvinnelag bakar kvar fredag i skuleferien i Agatunet.


Me samarbeider med Folgefond husflidslag om fleire av handverkskursa våre.

«Vennelaget MY Faun» syter for drift og formidling av den verna lystbåten MY «Faun». Dei bidreg dessutan monaleg til vedlikehaldet av båten.

Noko frivillig innsats er utført på MK «Vikingen» i samband med reparasjon av motor.

Motoren til MF «Folgefond I» er sett i stand ved Norsk Veteranmotor AS, der tidlegare mekanikarar og andre knytt til Wichmann motorfabrikk yter frivillig innsats for å skaffa inntekter til å driva verkstaden.

I tre år har Småbåtverkstaden registrert naustmiljø og eldre båtar langs Hardangerfjorden. Mange eigarar er intervjua, og alle har fått brev med tips om korleis dei kan ta vare på naust og båtar. Dette bidreg til å bygga opp under det strategiske målet om å legga til rette for at folk sjølve tek kulturarven vidare.



UngOsa. Foto: Elisabeth Emmerhoff

FORSKING, KUNNSKAPSUTVIKLING OG RÅDGJEVING

HVM skal forska og utvikla kunnskap med utgangspunkt i eigne samlingar og innan materielle og immaterielle fagfelt. Me skal forska på våre prioriterte tema i regional og nasjonal samanheng, i fylgje gjeldande planar for regionen og nasjonalt. Me skal driva forskningssamarbeid med eksterne FoU-miljø og dei nasjonale museumsnettverka. Som museum skal me formidla truverdig kunnskap og gje gode råd til brukarane våre.

Måloppnåinga har blitt betre i 2021 samanlikna med føregåande år. I tråd med strategisk plan har me satsa på frikjøp av tilsette for at dei skal kunne gå i djupna på sine fagfelt. I løpet av 2021 har det kome på plass prosjektmidlar som gjer dette mogleg for to tilsette i 2022. På tampen av 2021 vart det såleis tilsett to vikarar for avdelingsleiarar i HVM.

Det største løftet er utviklingsprosjektet «Forskningsinfrastruktur for musea i Vestland» som i 2021 fekk støtte frå Norsk Kulturråd. Dette er eit treårig prosjekt som er leia av tre museum i Vestland, HVM, Musea i Sogn og Fjordane og Museum Vest. Prosjektet støtter opp om målsetjingar i Stortingsmeldinga «Musea i samfunnet. Tillit, ting, tid».

Ei anna milepåle vart nådd ved at ein fagfellevurdert artikkel frå HVM vart publisert i årbok for Norsk Maritimt museum. Artikkelen var skriven av Håvard Gjerde.

Eitt av prosjekta som vert realisert gjennom frikjøp er knytt til immateriell kultur. Skaut er eit hovudplagg for kvinner som ikkje er så mykje i bruk som tidlegare. I Hardanger er det ein tradisjon med koneskaut, altså eit skaut som gifte kvinner nyttar. Å klargjera skautet og kle det på hovudet kallast å fella skautet. Kunnskapen om å fella skaut har nesten døydd ut i Hardanger, men i lag med Folgefond husflidslag og Ringøy og Bu bygdekvinnelag har Hardanger folkemuseum starta ein redningsaksjon for skautfellinga. Me har no inne søknader om del 2 av dette prosjektet, der me søker om midlar til djupnekunnskap i skautfelling. Arbeid med prosjektet vart utsett til 2022.

Fruktdyrkingshistorie er eit tema som har vakse dei seinare åra. Eitt av tiltaka har vore å planta ut frukttrær med gamle sortar i museumstuna. Dette er gjort i samarbeid med Knut Nes, pensjonert lærar i fruktdyrking. Sørfjorden er eitt av dei «Utvalde kulturlandskap i jordbruksrådet», som er ei økonomisk satsing og ein arbeidsmåte for å ta vare på eit representativt utval av verdfulle norske jordbrukslandschap. Me har fått midlar frå fylkesmannen til dette prosjektet, der me òg skal gjera forskningsintervju med fruktdyrkarar, formidla informasjon om fruktsortane, og laga ei frukthistorisk utstilling i Agatunet. Eit fint resultat av satsinga er at me i



Eigenprodusert eplemost «Gamalapal». Foto Line Iversen

haust fekk laga vår eigen eplemost *Gamalapal*, som er til salgs i museumsbutikken og kafeane.

Bygningsvernkonsulenten for Hardanger har også i år hatt oppdrag for og samarbeid med fylkeskommunen og kommunane og gitt råd til private huseigarar av verneverdige og freda hus. Denne rådgjevingstenesta har vore nedfelt i ein samarbeidsavtale mellom museet og fylkeskommunen sidan år 2000.

Rådgjeving på fartøyvernfeltet har vore eit satsingsområde over fleire år. Etter at fylkeskommunane overtok forvaltinga av fartøyvern har me stadig meir kontakt med regional kulturmiljøforvalting, i tillegg til rådgjevinga me har ovafor eigarane av dei historiske fartøya og båtane.

Etter at forskrifter for tilskotspostane til Riksantikvaren vart gjeldande frå hausten 2021 har det vorte endå meir spurnad etter grunnlagsdokumentasjon knytt til enkeltfartøy. Dette har samanheng med at grunnlagsdokumentasjon er sett som ein føresetnad for å setje i gang med større arbeid på verna og freda fartøy. Grunnlagsdokumentasjon inneber m.a. ein gjennomgang av eit fartøy sin tekniske historie, knytt til endringar i driftsform, eigarskap m.m.

FORMIDLING

HVM skal formidla kunnskap basert på forsking, samlingane og fagområda våre. Me skal vera i dialog med eit breitt publikum og vera inkluderande. Aktivitets- og opplevingsbasert formidling skal prioriterast og vera tilpassa ulike målgrupper. Barn og unge er ei prioritert målgruppe. Me skal vera ein attraktiv besøksstad for turistar og samarbeidspart for reiselivsbransjen.

Formidling er ein integrert aktivitet i HVM året rundt. I tillegg kjem milepålar i forhold til måla me har sett oss. Den viktigaste i 2021 var at ny basisutstilling ved **Voss folkemuseum** vart opna. Dette er eit prosjekt som har gått over mange år, der òg oppgradering av bygningen har vore gjennomført.

I eit år utanom det vanlege erfarte me at formidlingsarenaene til HVM er attraktive, og me hadde godt besøk i juli. Med mange innanlands reisande var det kjekt å oppleva at dei oppsøkte tilboda våre og gav oss gode tilbakemeldingar. Dette må me kunna sjå som eit teikn på at mange oppfattar tilboda som relevante. «Sommarpass», eit billetsamarbeid med andre museum i regionen, fungerte bra. Barn og unge har fått særskild merksemd i fleire av formidlingstilboda som er lagt til rette. Kurs i ulike handverk har vore populære.

Formidlingsplanen har vore arbeidd med i 2021, men vart ikkje ferdig før årsskiftet. Nokre formidlingstiltak knytt til mangfold og inkludering vart gjennomførte. Basisutstillingane ved dei store besøksstadane skal etter planen fornyast, vera aktuelle og relevante både i form og innhald. Førebelts er det berre Voss folkemuseum si basisutstilling som er konkretisert, men Ingebrigts Vik museum og folkemusikkutstillinga ved Hardanger folkemuseum står framfor fornyingar.

Agatunet, Hardanger folkemuseum og Skredhaugen

Vandréutstillinga *Musea dansar* stod i Storsalen på Hardanger folkemuseum fram til starten av mars. Ho syner dansen si historie i Noreg, og dansen i Noreg i dag. I utstillinga møter ein gammaldans, springar, tango og swing og nyinnvandra dansetradisjonar, jazzdans og samtidsdans. Musea dansar er laga av Norsk senter for folkemusikk og folkedans i Trondheim. Ho vert tilpassa kvar utstillingsstad med tekst og lokalt arkivmateriale frå kvar plass sine dansetradisjonar. Tidspunktet for denne utstillinga var i utgangspunktet svært bra, kopla opp mot *Bygda dansar* og dansesatsing både i Hardingfela.no og DKS i Ullensvang. Grunna korona vart all danseaktivitet innstilt, og me fekk ikkje nytta utstillinga slik me hadde tenkt.

Bunadutstillinga *Opplut og belte* opna 22. mai i Storsalen på Hardanger folkemuseum. Me stiller ut over 100 opplutar/liv og kring 200 belte. Nokre få plagg er innlånte, elles er det aller meste frå museet sine eigne samlingar. Mest frå Hardanger folkemuseum og Bu, men òg frå



Belter frå utstillinga ved Hardanger folkemuseum.
Foto: Silje Solvi

Kvam bygdemuseum, Skredhaugen, Agatunet, Granvin bygdemuseum og ei samling frå Tørvikbygd. Konseptet er det same som for utstillinga *1000 bringklutar* (2019), der me syner full breidde og variasjon innan ein spesifikk gjenstandsgruppe museet har rike samlingar av, og som det er stor interesse for.

I Agatunet synte me verk av dei tre kunstnarane Svein Nå, Ingunn van Etten og Felicitas Aga. Utstillinga handla om hus, og syntet biletvev, biletkunst og skulptur. Saman med Hardanger kunstlag vart det laga filmproduksjonar der kunstnarane presenterte seg og arbeida sine. Filmportretta vart synt i Johansstova. Ragnhild Aarvik var ungdomsutstiller med måleriutstillinga *Dagsrevyen, tur i skogen og Biola ved særlege høve*. Den årlege barneutstillinga laga av Aga barnehage var tematisk kopla til hovudutstillinga, og sto i Jakobsbua frå juni til ut på hausten. I Agatunet fekk me òg opp ei mindre fastutstilling med fruktfoto av Knud Knudsen, og til jol hadde me ei kort utstilling av blyantteikningar med lokale motiv av Michael Tolo.

På Skredhaugen sto *Dialog #2*, eit treårig samarbeidsprosjekt mellom Hardanger folkemuseum og kurator Lars Korff Lofthus, der me inviterer samtidskunstnarar til å gå i dialog med den store kunstsamlinga etter Jon Bleie. I sommar var det Annette Kierulf som syntet eigne verk saman med verk frå Bleiesamlinga. Vera Gjersø stilte ut husdyrfoto. Fleire skular og barnehagar har vore med på undervisningsopplegg på musea våre. På Skredhaugen har dei

jobba med husdyrfotoutstillinga til Vera Gjersøe, i samarbeid med Skredhaugens vene. I Agatunet har barnehagen laga eigen utstilling, og både på Utne og Aga har skuleborn hatt opplegg knytt til kunstutstillinga, oppluttutstillinga og fått vera med handverkar og prøvd tradisjonelt verktøy som øks og sag, samt nokre historiske omvisingar i Agatunet. Ullensvang kommune sitt sommarskuletilbod inkluderte besøk i Agatunet tre fredagar i juli. I Agatunet hadde me og vgs-klassar på opplegg knytt til mellomalder og frukt- og siderproduksjon, og samarbeida med Kulturskulen som har tilbydd opplegg i kunstutstillinga for sine elevar.

I haust har 9. klasse ved Hauso skule vore på Hardanger folkemuseum fire gongar og fått undervisning i å sy hardangersaum. Dette gjer dei som ein del av faget kunst og handverk.

Granvin bygdemuseum

I 2021 har me gjort eit godt arbeid for å vidareutvikla utstillingane og å klargjera desse til sesongen. Sommaren 2021 kunne me også endeleg gjennomføre dei tradisjonsrike vaffeltorsdagane, og oppmøtet var særskilt godt. Det var i samband med desse torsdagane at årets sommarguide, Kine Thingnes, heldt konsertar, til liks med Svein Laingen Kjerland, Rannveig Djønne og Guro Vik Lillegraven. Utover dette verkar det som det er aukande interesse for ulike lag og organisasjoner til å nyta seg av tunet i ulike samanhengar. Det har såleis vore ein auke av både møteverksem og gruppeomvisingar. Besökande vert overraska over og kommenterer ofte kor omfattande utstillingar me faktisk har i det vesle tunet. 2021 har såleis vore eit særskilt triveleg år i Bygdatunet.

Voss folkemuseum

Den nye basisutstillinga på Voss folkemuseum, «Utsyn mot Voss», stod ferdig til sommarsesongen. På grunn av smittesituasjonen hadde me ikkje noko stor opning då, men 27. oktober hadde me eit opningsarrangement for spesielt inviterte. Me inviterte tilskotsgjevarar, produsentar, og dei mange som har lånt ut gjenstandar eller hjelpt oss på anna vis.



Siri Nordgård held konsert i Mølster. Foto: Kjell Herheim

Om lag 50 personar var til stades, og det vart eit fint arrangement. Signe Førre stod for det musikalske bidraget, det var helsingar frå Åsmund Kristiansen (direktør HVM), Hans-Erik Ringkjøb (ordførar Voss herad) og Lise Christensen (prosjektleiar, Vill). Stortingsrepresentant Linda Merkesdal og fylkesdirektør for kultur, miljø og integrering Per Morten Ekerhovd heldt opningstalar. Ekerhovd sa mellom anna at «Det er ei utstilling som viser at Vestland er eit viktig museumsfylke, og at Hardanger og Voss museum med avdelinga si på Voss må reknast som ein sentral aktør i eit rikt og mangfoldig museumslandskap.»

Utstillinga har vorte godt motteken, både av unge og eldre. Utstillinga er produsert av Bergens-firmaet Vill. Saman med underleverandørane sine, og i tett samarbeid med dei tilsette ved Voss folkemuseum, har dei skapt ei utstilling som vil stå lenge.

Besøket ved museet var også i år prega av korona-viruset. Med unntak av nokre korte periodar i vår var museet ope heile året. Me tok ikkje med oss store grupper inn i bygningane på tunet, men hadde i staden orienteringar ute på tunet. Gruppebesøket var lågt, og me hadde kortare opningstider enn vanleg i sommarsesongen.

Sommarbesøket var ikkje som det plar vera, men utover hausten var besøket betre enn vanleg. Fleire små og store grupper kom for å sjå den nye utstillinga. Me er klare over at juli-besøket var lågare enn vanleg, men likevel: Me opplevde det uvanlege at oktober var den månaden med høgst besøk.

Skulebesøket var godt om hausten, og det kom fleire klassar frå vidaregåande skular i Bergen. I oktober vitja alle andreklassingane ved skulane i Voss herad museet, i samarbeid med Den kulturelle skulesekken, og dei laga varer til butikken i den nye utstillinga.

På Mølster-tunet, kvar fredag i juli, demonstrerte Voss bygdekinnelag tradisjonsbaking, medan Voss husflidslag demonstrerte ulike handverkstradisjonar. I Armfinsfloren på Mølster-tunet stod det ei utstilling om tunskipnad. Kvar vekedag i juli heldt Siri Nordgård tre korte toradar-konsertar på Mølster-tunet.

Kvam bygdemuseum, Storeteigen

Mellom 25. og 30. mai blei det gjennomført ein berekraftverkstad og kunstutstilling på Storeteigen, organisert av kunstnaren Margrethe K. Brekke i samarbeid med Martin Andersen og Jon Gjerde. Brekke si utstilling var tematisk bygd på FN sine berekraftmål, der ho i tillegg til fleire tekstil arbeid presenterte intervju med bonden Jon Gjerde og forskaren Kristin Guldbrandsen Frøysa. Martin Andersen inviterte bygdefolk til reparasjons- og bricolage-verkstad, og Gjerde hadde flygeverkstad på marka hjå naboen. Bygdetunet var i tillegg ope for publikum alle dei fire sundagene i juli, då med opne stover, servering av sveler, utstillinga med verk av Brekke og popopp-konsertar med Ingrid Standal Sørheim på torader.



Jonsokfeiring i Kvam Bygdemuseum. Foto: Stig Lundblad-Sandbakk

Jonsok samla nær 100 besökande og blei gjennomført etter gamal modell med bryllupskortesje, bålpanne og hesjing, men med omsyn til smittevern. Jolefesten blei dverre avlyst grunna korona. I perioden har det vore arrangert både slåttedag og temadag for barnehagar i regi av Bygdagnist. Elles nyttar barnehagane bakkane og grindbygget eit par gonger i veka. Skulen i Øystese er også innom. Det siste er besök som ikkje vert registrert i statistikk.

Halvmaraton i Kvam 19.10 fekk både start og mål på Storeteigen, med godt besök av store og små på tunet.

Ved Borgstova i Vikøy var det lite aktivitet i 2021.

Hardanger fartøyvernsenter

I 2021 opna me ei ny, stor video-utstilling i Kulturnaustet. Utstillinga formidlar handverkskunnskap gjennom video og tekstar. Ho gir ei god innføring i antikvarisk restaurering, og historisk kontekst knytt til fartøy og fartøyvern. Årets sommarsesong starta stille og roleg med få besökande i mai, mens juni og juli vart intense månader med relativt mykje besök. Sommaren 2021 var det mest enkeltreisande som kom, sjølv om me fekk nokre grupper på besök også. Som vanleg satsa me på familieaktivitetar og opne verkstadar. Dei to store publikumsarrangementa våre: Hardanger trebåtfestival (i samarbeid med festivalleininga) og «Wings and Wheels» (i samarbeid med veteranbilforeininga i bygda) vart også i 2021 avlyst. Desse arrangementa ville, basert på erfaringstal, ha skaffa oss om lag 6 500 besökande. Utan desse publikumsmagnetane enda besökstalet vårt i sommar omtrent som sommaren 2020. Dei to største publikumsarrangementa me gjennomførte i 2021 var feiringa av den nyrestaurerte «Mathilde» og markeringa av den nye videoutstillinga i Kulturnaustet.

I løpet av året gjennomførte me nokre mangfaldsrelaterte prosjekt. I samarbeid med Frivilligsentralen Grannehjelpa i Kvam hadde me ein familieaktivitetsdag for om lag 70 besökande. Dette var eit arrangement retta mot familiar med lite tilbod i løpet av sommaren. Me arrangerte også gratis dagar for å inkludera dei med dårlig råd. I samarbeid med

språktreffet (språktraining for utlendingar) arrangerte me ein avslutningsdag med rotur og sosialt samvær.

Torsdagsforedrag med ulike maritime tema heldt fram. Våren 2021 måtte me på grunn av smitteverntiltak avlysa tre av dei planlagde torsdagsforedraga våre, men alle dei planlagde foredragene vart gjennomførte denne hausten. Talet på deltakarar måtte avgrensast i tråd med reglane for smittevern. Ut over dette har me vore vertskap for Kvam kulturskule sitt tradisjonsprogram Nøringen, og bidrige med det faglege innhaldet til to kveldar i deira aktivitetsrekke. Kurs i ulike handverk for folk flest vart ført vidare med kurs i å laga årer, smikurs og kurs i å laga korger av spon. Ei rekke kurs vart avlyste på grunn av smittevern-tiltak og nasjonale regler. Det årvisse verktøyseminaret, retta mot profesjonelle handverkarar i kulturminnevernet, vart gjennomført. Tema i år var sliping av verktøy.

Hardanger fartøyvernsenter sine heimesider fekk nytt oppsett med bannervideoar, betre organisert innhald, og tekstar og bilete som rettar seg meir mot besökande og kundar.

Formidlinga i sosiale media nådde ein milepåle med over 100 millionar videovisningar på Facebook. I tillegg til dei hyppigare oppdateringane produserte me filmar frå restaureringsarbeidet med «Mathilde» og «Tafjord», prosesser frå skogen til ferdig keip på færingen i småbåtverkstaden, og filmen «Antikvarisk restaurering», der verftsformann Ivar Hoflandsdal tar oss med rundt på verftet og forklarar korleis me jobbar fagleg korrekt med restaurering. Denne filmen vart også teksta på engelsk. Per januar 2022 har me 21 900 følgjarar på Instagram, og 442 430 følgjarar på Facebook. 2021 vart også eit år prega av pandemi og smittevern, men me er nøgde med å likevel ha gjennomført mykje godt fag- og formidlingsarbeid i løpet av året.

Besøket var mindre enn venta i mai og slutten av august, og større i juni og juli. Me hadde fleire aktivitetar å tilby denne sommaren enn siste år, med aktivitetsløype og Ingrid Standal Sørheim som spelte folkemusikkonsertar fleire ganger om dagen i juli. I tillegg hadde me dei vanlege aktivitetane som roing, snekring av leikebåtar og tau på mini-reiparbanen. Den nye video-utstillinga var eit godt supplement til besök i verkstadene.

Lån og leige av robåtar var populært i 2021. Alle besökande får bruka båtar når dei løyser billett. I tillegg lånar barnehagen og speidarane båtane gratis – og nyttar seg mykje av dette. Me hadde dessutan besök av ei gruppe på åtte personer som seglar og ror tradisjonsbåtar i heile Noreg, som leigde båtane våre i fem dagar og hadde ein fantastisk tur! Kystledbåten vart nytta til bryllaup.

Formidling, kurs og rådgjeving

Også i 2021 er det utført til dels omfattande dokumentasjons- og rådgjevingsarbeid knytt til fleire fartøy. Her kan ein m.a. nemne:

- Galeas «Norden»: Teknisk-historisk dokumentasjon
- Rutebåten «Tafjord»



Leirskule på «Mathilde». Foto: Elisabeth Emmerhoff

- Galeas «Søblomsten»
- MS «Reidulf II»

I september gjennomførte me det årlege «Nordisk gaffelriggseminar», denne gong lokalt. Pga. koronarestriksjonar vart seminaret gjennomført med våre eigne tilsette pluss seglmakar og handverksstipendiat Marius Borg og to lokale båteigarar. Som vanleg var seminaret populært og nyttig.

I oktober stod me bak og gjennomførte eit kurs i søknadsskriving for eigalarar av historiske og verneverdig bygningar. Om lag 20 lokale personer møtte opp, og me hadde ressursar frå Kulturminnefondet, Fylkeskommunen og kommunen til å rettleia og svara på spørsmål. Målet er at dette vert eit årleg kurs.

Eit helgekurs i dekkslegging vart gjennomført i september på R/S 4 «Feie» i samarbeid med Bergen Seilskøytekubb. Hausten 2021 arrangerte Riksantikvaren eit fagleg seminar for fylkeskommunane sine fartøyvernkonsernter, og Hardanger Fartøyvernsenter var beden om å vera vertskap. Alle deltakarane var svært nøgde med opplegg og gjennomføring, og eigne tilsette heldt fleire innlegg. Verktøyseminaret, der temaet var sliping av verktøy, vart gjennomført i november.

Ved Maritimt Center Fredrikstad gjennomførte me ein workshop i regi av Fellesjenestene med tema naturfiber i tau og seil. Her var det spesielt inviterte deltakarar, og engasementet var stort.

Direkte etter workshop'en deltok ein av våre tilsette på Norsk Forening for Fartøyvern sitt kurs *Fartøyvernets ABC*. Her leia me møtet og heldt tre innlegg.

I desember gjennomførte me eit kurs i å laga master og rundholter på Vestnes, der delar til galeasen «Søblomsten» vart forma og høvla.

Heimesidene til HVM har dei siste åra hatt museumsgjestar som målgruppe. Dermed har ein del av fartøyvern-tenestene falle ut, men desse er no på veg tilbake.

Hardangerjakta «Mathilde»

Vinteren og våren 2021 vart det gjennomført eit større reperasjons-/restaureringsarbeid på «Mathilde». Dette var eit arbeid som vart gjennomført av eit stort arbeidslag frå fartøyvernavdelinga. Arbeidet vart noko meir omfattande enn me hadde rekna med, men båten vart sjøett i tide til leirskulestart og framstår no endå meir antikvarisk korrekt enn tidlegare.

Me gjennomførte ti leirskuleveker vart koronaavlyste om våren, men haustsesongen gjekk utan avlysingar. Sommarsesongen vart avgrensa til eitt ungdomstokt, og også det meste av utlegetokta som var planlagd for 2021 vart avlyst.

Men me klarte å gjennomføra eit tokt for sjukeheimsbeboarar, eit tokt for den lokale vidaregåande skulen. Hausten 2021 gjennomførte me eit museumstokt i samarbeidet med Kystmuseet i Øygarden. Tittelen var «fiskeforskartokt». Elevene hadde ei triveleg oppleving tross utfordringar medvêret, kaiplassar og sjukdom. Det var 133 elever og 16 lærarar om bord.

Me gjekk deretter i vinteropplag, og byrja på vinterens vedlikehaldsarbeid.



Marknadsføring, reiselivsutvikling

I 2019 laga me ein samla marknadsføringsplan som viser strategi for marknadsføring og sal opp mot reiselivet. Planen viser kva me ynskjer å vera med på av reiseguidar, annonsering, at me er aktive på sosiale media, messedeltaking, nettverksbygging, og diverse salsmøte knytt til eksisterande gruppemarknad (t.d. Viking Cruise i Bergen). Vidare har det vore arbeidd mot gruppemarknad og kontaktbygging mot større samarbeidsaktørar som Visit Hardangerfjord, Visit Voss, Fjord Norge og Innovasjon Norge.


2021 vart annleis enn forventa. Som i 2020 vart den viktigaste oppbygginga mot sesongen å køyra rundt heile fjorden og snakka med turistinformasjonar og andre reiselivsaktørar, gje ut brosjyremateriell og hengja opp plakatar. Dette var eit viktig arbeid, av di mange nordmenn ferierte i eige land dette året. Me fekk også vidareført det viktige samarbeidet med andre museum langs fjorden om eit felles sommarpass. Ved å betale full pris på det første museet, fekk ein halv pris på dei neste musea ein kom til. Dei andre musea var Folgefonsenteret i Rosendal, Olav H. Hauge-senteret i Ulvik og Kraftmuseet i Tyssedal.

Tidlegare år har me gjennomført ei gjesteundersøking på kvar avdeling. I 2020 vart HVM medlem av Norsk Publikumsutvikling, og me får då profesjonell hjelpe til å laga brukarundersøkingar med gode rapportar. Me vonar dette vil gje oss betre grunnlag for å forstå brukarane våre og nå nye målgrupper.

Besøkstal og publikumsutvikling

Året 2021 var, som 2020, prega av pandemien. Dei ulike avgrensingane har ført til merkbart færre besøk samanlikna med 2019, men med eit samla besøkstal på 36 745 har auken vore 21 % frå 2020. Inntekter frå billettsal, kafé og museumsbutikkar har vore svært bra, nesten på same nivå som i 2019.

Den største auken står **Hardingfela.no** for, heile 354 % frå året før. 2010 personar har delteke på arrangement i regi av Hardingfela.no, over halvparten av desse er born. I 2020 nådde Hardingfela.no knapt 500.



Samla besøk	Per 31.12.21	Per 31.12.20	Endring	Endring i %
Hardanger fartøyvernsenter	7 323	6 855	468	7 %
Hardanger folkemuseum	3 681	3 200	481	15 %
Agatunet	7 491	3 990	3 501	88 %
Skredhaugen	1 667	3 490	-1 823	-52 %
Kabuso	6 563	5 305	1 258	24 %
Hardanger Skyspace	309	445	-136	-31 %
Ingebrigts Vik museum	1 093	828	265	32 %
Voss folkemuseum	7 308	4 972	2 336	47 %
Kvam bygdemuseum Storeteigen	1 327	861	466	54 %
Totalt HVM	36 762	30 389	6 373	21 %



Siderkjester i Løa, Agatunet. Foto: Line Iversen

Agatunet hadde ei endring på 88 % frå 2020, altså eit svært godt besök i 2021. Nærare 7500 gjester, mot 4000 året før. Av dette utgjer det betalte besøket ca. 4100, ein auke på 1400. Av det betalte besøket er ca. 2000 siderkjester. Siderkjestane har auka med om lag 500 sidan i fjor, resten av auken kjem frå det vanlege betalte besøket. Det er veldig lovande om denne utviklinga held fram. Den lokale bruken av kafeen er i sterk vekst. Gruppemarknaden utanom siderbåten ligg framleis mest heilt nede, men me har ved fleire høve utover hausten teke mot større grupper av reiselivsagentar og -operatørar frå både Noreg og utlandet. Det verkar lovande for åra som kjem. Agatunet hadde auka fokus på publiseringsfrekvens på sosiale media, med stor auke i fylgjarar og rekkevidde som målbart resultat.

Voss folkemuseum hadde 47 % fleire besökande i 2021 enn i 2020, totalt 7300. Sommarmånadene var ikkje dei beste, men oktober vart faktisk den månaden med høgst besøkstal.

Kabuso og Ingebrigts Vik museum, hadde om lag 7600 besökande, ei gledeleg oppgang frå 6100 i 2020. I løpet av året opplevde vel 300 ei vising i **Hardanger Skyspace**.

Storeteigen hadde i 2021 over 1320 besökande, dei fleste er publikum på ulike arrangement. Mellom dei var det kunstnarar i totalt 184 gjestedøger. Dette er ei gledeleg oppgang frå 2020 då 860 var registrerte her.

Hardanger folkemuseum, hadde om lag 4000 besökande, mot ca. 3200 i 2020. Av dette er ca. 2200 betalande, mot 1700 året før. Gruppemarknaden er framleis heilt fråverande, og det merkast godt.

Arrangementa til Skredhaugens vene har vore godt besøkte. Skredhaugen ligg inne som innsjekkingspunkt på Trimpoeng, noko som gjev oss god dokumentasjon på eit besök me elles ikkje hadde fanga opp.

Hardanger fartøyvernsenter hadde eit besök på ca. 7300, ei auke på 7 % frå året før.

Det var flest nordmenn også denne sesongen, og først seint på sommaren kom nokre utlendingar. Sommarpasset, ein fellesbillett med andre museum og kulturinstitusjonar i regionen, vart også dette året eit positivt tilbod. Målet med billetten er å marknadsføre fleire kulturtilbod i regionen. Sidersmaking vart ein suksess også dette året. Båten «Visions of the Fjords» har gått i rute i Sørfjorden i heile sommar, med stopp hjå siderprodusentane. Frå juni til august stoppa to av dei daglege turane i Agatunet, for lunsj og omvising. I heile september har Agatunet vore vertskap for sidersmakinga. Smakinga inneheldt også ei innføring i frukthistorie, fruktstivandring og Agatunet si historie og omvising i tun og Lagmannsstova. Me får sers gode tilbakemeldingar på opplegget.

I sosiale medium har HVM totalt 467 100 følgjarar, 444 200 av desse føl Hardanger fartøyvernsenter på Facebook. 3446 tilbakemeldingar har kome til HVM på sosiale medium. I løpet av året har det vore 25 mill. visingar av videofilmar. Fleire avdelingar har i løpet av 2021 blitt meir aktive i formidlinga på sosiale medium. Prosjektet «Dansegleda» i regi av hardingfela. no nådde 100 000 personar.



KUNSTHUS

HVM skal vektlegga høg kvalitet og aktualitet i kunstformidlinga. Me skal vera ein arena for alle typar kunstuttrykk og ein sentral aktør i regionen på dette feltet. Me skal bidra til auka kunnskap og interesse i regionen for kunst og kultur. Den fylkeskommunale kulturplanen seier at «vegen inn i kunst- og kulturlivet for barn og unge skal ha høg kvalitet og solid struktur på alle nivå. Alle barn skal ha høve til å ta del i og oppleva kunst og kulturuttrykk». Dessutan at «vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast. Regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder». Me meiner at HVM sitt arbeid med kunstfeltet har hatt ein god retning, trass i at 2021 har vore eit krevjande år for reine formidlingsarenar.

Kabuso gjennomførte 27 konserter i løpet av 2021, med totalt 999 publikum. Dei mange utsetjingane og avlysingane har kravd stor grad av fleksibilitet blant dei tilsette og ikkje minst for publikum, noko besøkstalet på enkelte konserter ber preg av.

Me inviterer kunstnarar til å utforme utstillingane for Kunsthuset Kabuso, gjerne med utgangspunkt i regionen. Alle dei engasjerte kunstnarane får tilbod om å nyta Storeteigen bygdemuseum for opphold i samband med utvikling av utstillinga.

Av dei totalt seks utstillingane var tre laga spesielt for Kabuso. Først ut var ei utstilling med kunstnarane Ingrid Book, Carina Hedén, Per Christian Brown, Thorbjørn Sørensen, Hege Nyborg og Helene Sommer. Dei hadde reist rundt i Hardanger med spørsmåla: Kva er Hardanger i dag og kva fortel eit landskap som dette om identitet, historie, vitskap og

forholdet vårt til natur? Tittelen - *Og fjorden der nede blir ved å gå videre mot havet, og blandes med alle verdens vann* - er henta frå ei novelle av Hans E. Kinck.

Sommarutstillinga *Styrlause prosessar* var den andre og siste utstillinga i eit større prosjekt kuratert av Kabuso i tett samarbeid med NK Dale. I utstillinga viste kunstnarane Ingri Haraldsen, Pierre Lionel Matte, Cecilia Jonsson, Leander Djønne samt forfattaren Tora Sanden Døskeland, verk og tekst utvikla under og etter arbeidsopphold på NK Dale. Det sentrale temaet var knytt til korleis me handsamar og forstår naturen me er del av.

I oktober opna utstillinga *På leit mellom plikt og fridom - Hardanger - & Co.*, med Aleksi Wildhagen, Patrik Entian og Jens Hamre. Den romma dei maleriske resultata frå tre reiser kunstnarene hadde i Hardanger, supplert med teikning og fotografi. Alle verka er måla i éi økt ute på staden.

Dei andre utstillingane, Visuelle Nabolag, frå Nasjonalmuseet, og *Vestlandsutstillingen*, var eksternt kuratert og produsert.

Udstillinga *Tegn, Terrenget, Tegning*, av Kwestan Jamal Bawan, blei vist i foajeen i same periode som *Visuelle Nabolag*.

I tillegg blei det gjennomført eit kunstprosjekt utanfor kunsthuset: *Korleis vil vi leva saman?* Under leiing av kunstnaren Katrine Meisfjord arbeidde ungdom, arkitektar, snikkarar og Utekontakten i Kvam med å utvikle sosiale møteplassar rundt ungdomsbasen i Norheimsund. 14.8. blei ungdommane sine kreative idear presenterte for publikum med ein fest på tomta.

Det blei gjort to offentlege innkjøp av kunst frå utstillingane i 2021. Sogn og Fjordane Kunstmuseum kjøpte eit verk av Cecilia Jonsson, og innkjøpsfondet for norsk kunsthåndverk kjøpte eit verk av Tom Kosmo til Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum.

Formidling og utovervend aktivitet

Bornas Kabuso, ein godt besøkt aktivitetsklubb for born og unge, har hatt noko ujamn aktivitet grunna pandemien, men det vart vist film og det vart gjennomført ein verkstad med ulike kreative prosessar. Medlemstalet var 30 om våren og 43 om hausten.

I mars gjennomførte me ein todagars filmfestival, Tropisk film, kuratert av Anders Lysne, filmvitar frå UiB.

I same periode hadde me omvising i utstillinga samt fem opplegg for skulane med i alt 95 born.

Under Vestlandsutstillingen arrangerte Kabuso to omvisingar støtta av VU, både av kunstnarar. Ei av omvisingane var spesielt retta mot barnefamiliar.

Berekraftverkstaden med Framtidsforum i mai var organisert av kunstnaren Margrethe K. Brekke i samarbeid med Kristin Guldbrandsen Frøysa, UiB. Tema var bygde rundt FNs berekraftsmål og sett saman av eit energiseminar i to deler på Kabuso og ein open verkstad på Storeteigen med bidrag frå Martin Andersen og Jon Gjerde. På energiseminaret deltok elevar frå vidaregåande skule etter invitasjon.

Prøverommet, ein tverrfagleg kunstnarleg plattform i regi av BiT Teatergarasjen, blei endeleg avvikla 22.8, etter å ha vore utsett to gonger.

I juni og august hadde me glede av å invitera til Kunstcamp, ein kunstsommarskule for totalt 16 ivrige born. I tillegg gjennomførte me i juni t-skjorteverkstad for Feriekubben i Kvam. Her deltok 35 barn i alderen seks-ti år.

I Kvam blei *Bygdapride* arrangert 17. september, det første i historia, med parade gjennom bygda leia av stortingsrepresentant Grunde Almeland. Arrangementet vart avrunda med eit stort arrangement på Kabuso.

Kunstbar og Drink & Draw, eit populært konsept retta mot vaksne, har òg dette året hatt redusert aktivitet, men me fekk gjennomført to kveldsarrangement



Bygdapride i Øystese: Foto: Kabuso

Butikken har notert eit godt sal av kunst, handverk og bøker. Kafeen er stadig ein viktig inngang for Kunsthuset, sjølv med noko redusert besøk samanlikna med 2019.

Samarbeid

Kabuso har i 2021 samarbeidd med UiB, BiT Teatergarasjen, Kulturskulen i Kvam, NK Dale, Nasjonalmuseet, Hardangerfjord hotell og Kvam Herad. Kabuso var og vertskap for Vestlandsutstillinga.

Investeringar

Kulturrom tildelte konsertsalen midlar til akustisk utbetring, totalt 146 000 kroner. Arbeidet er delvis gjennomført hausten 2021, med ei oppfølging planlagt for ettermårs 2022. Kabuso fekk òg midlar til flyttbart scenelys i salen, som no er kjøpt inn.

Større prosjekt

Me har starta arbeidet med ny basisutstilling på Ingebrigts Vik museum. Tre tilsette er med i prosjektgruppa for , og arbeidet med å gå gjennom og oppdatere arkivet er godt i gang. Fleire søknadar om finansiell støtte er sendt og Bevaringstenestene i Salhus er engasjert for å bistå med flytting og konservering av skulpturane som treng det. Plana er å opna den nye utstillinga 11. juni 2022.

Samarbeid med frivillige

Det blei oppretta eit bygdehagelag i mars i samarbeid med frivillige. Arbeidet med hagen skal utviklast vidare i 2022 som del av eit planlagt kunstprosjekt av Amber Ablett.



SJ «Mathilde». Foto: Silje Ensy



FARTØYVERN, RESTAURERING

HVM skal i fylgje eigen strategi gje interesserte innan fartøyvern tenester og tilbod med høg etisk og fagleg standard, både handverksmessig og antikvarisk. Me skal sikra og føra vidare handverkskompetanse gjennom oppdragssprosjekt, dokumentasjon, forsking, opplæring av lærlingar, kurs og seminar. Me skal ha god dialog og godt samarbeid med fartøyeigarar, forvalting, organisasjonar i frivillig sektor, politikarar, leverandørar og andre aktørar innan fartøyvern. Me kan opptre som ein kommersiell aktør og kan ta oppdrag som ikkje har offentleg støtte. Me skal vera transparente, føreseielege, arbeida planretta og effektivt.

I 2021 har me gått i rett retning, i samsvar med eigen strategi og kulturminneforvaltinga sine mål. Eitt av dei fylkeskommunale måla er å «styrke dokumentasjon for auka kunnskap om kulturminne og samanhengane dei er del av.» Dei siste åra har det vore lagt ned mykje arbeid i å byggja opp eit dokumentasjonssenter, dvs. søkbare system for å finna fram aktuell dokumentasjon innan fartøyvern. Eigenprodusert dokumentasjon har òg vore eit satsingsområde der ein har kome eit godt steg vidare.

Dokumentasjons- og restaureringsarbeidet heng tett i hop. Det er ikkje tvil om at dei resultata me har hatt innan dokumentasjon, handverksutvikling og etterreising av gamle teknikkar er eit resultat av eit godt samspel mellom «teori og praksis».

SJ «Mathilde» var det største restaureringsprosjektet vårt i 2021. Dette var eit omfattande og komplekst prosjekt. Ein del detaljar vart endra i tråd med ny dokumentasjon, m.a.

løysingar på rekka. Det var altså ikkje berre «rett fram», men ei rekke vurderingar som måtte gjerast. Det vart dermed òg eit prosjekt som tilførte oss mykje kompetanse. Sjøsetjinga var planlagd som eit større arrangement, men det vart utsett grunna smittevernrestriksjonar. I august vart det heldigvis ei opning for eit arrangement, der stortingsrepresentantane Ove Trellevik og Liv Kari Eskeland var med, i tillegg til lokale folkevalde.

2021 var det første året med fylkeskommunal forvalting av tilskotsmidlar til fartøyvern. Me skal ikkje stikka under ein stol at dette året peikar fram mot ein meir utfordrande situasjon. I 2021 har pågående restaureringsprosjekt fått mindre løyingar enn det Riksantikvaren har tidlegare år. Fartøyvernsentra sitt samfunnsoppdrag er å vidareføra handverkskunnskap innan båt- og skipsbygging uavhengig av konjunkturane i samfunnet. Dette skal finansierast ved at fartøyvernsentra tek på seg restaureringsoppdrag. Dermed er oppdragssituasjonen viktig for at me kan oppfylle samfunnsoppdraget.



Frå personaldag på Staupstunet på Voss. Foto: Kjell Herheim

Foto: Kjell Herheim

HÅRDANGER OG VOSS
MUSEUM

FORNYING OG ORGANISASJON

HVM skal vera ein attraktiv og robust arbeidsplass prega av tillit, raushet og vilje til fornying. Me skal vera ein fagleg sterk organisasjon. Me skal samarbeida med brukarane våre og leggja til rette for frivillig innsats.

Pandemien har i 2021 ført til utfordringar utanom det vanlege og med nokre vakante stillingar. Etter at ny økonomi- og administrasjonsleiar vart tilsett hausten 2021 tok HVM til å sjå på utvikling av organisasjonen. Det er henta inn tilbod på nokre nye administrative verktøy, men førebels er det ikkje konkludert.

Leiargruppa har arbeidd vidare med tiltaksplanen i strategisk plan. Eitt av tiltaka som er gjennomført er eit kurs i leiarutvikling i samarbeid med Næringshagen i Hardanger. Styret for Stiftinga Hardanger fartøyvernsenter, eitt av eigarstyra som eig bygg, anlegg og samlingar i dei gamle museumseiningane, har vedteke samanslåing med Stiftinga Hardanger og Voss museum. Planen er å oppretta ei veneforeining knytt til HFS.

Samarbeidet mellom Ole Bull Akademiet og HVM har vore bra i 2021. Det har vore regelmessige møte og framgang på sakene. I regi av hardingfela.no skjer det stadig fornying og utvikling av nye konsept for opplæring og vidareføring. HVM har eit godt samarbeid med vertskommunane, med fylke og stat både på politisk og administrativt nivå. Me ser dette som eit viktig arbeid og set stor pris på den kontakten og dei møta det fører med seg.

Arbeidet med publikumsutvikling er eit område der me fornyar oss. Dette vil gje oss ny kunnskap om kven brukarane

våre er og korleis me skal arbeida for å nå nye brukargrupper. Satsing på formidling gjennom sosiale medium har vara nokre år. Med stengde formidlingsarenaer frå mars vart det testa ut fleire måtar å driva digital formidling på, og dette gav oss verdfull erfaring for liknande tiltak.

Den nye basisutstillinga ved Voss folkemuseum vart ei viktig fornying, tilgiengeleg for alle frå juni 2021. Folkemuseum har tradisjonelt vore opptekne av folkekultur, og ved mange museum er det det gamle jordbruksamfunnet som møter dei besökande. Den nye basisutstillinga vil handla om historia til Voss heilt fram til våre dagar, og i utstillinga vil det vera like mykje ekstremsport som folkemusikk. Det er altså ikkje berre Voss folkemuseum som vert fornya, det er heile tanken om kva eit folkemuseum er og skal vera.

Som eit tiltak under overskrifta «fornying» vil me løfta fram arbeidet med å forvalta immateriell kultur og å la handverkskunnskap vera grunnlag for forvaltninga av kulturminne. I restaureringsarbeidet knytt til bygningar og fartøy har samarbeidet mellom handverkarar og konsulentar/arkitekt stått sentralt. Dette har gitt mange gode resultat, mellom anna ved at fleire gløymde handverksprosessar er etterreiste gjennom kontakt med eldre yrkesutøvarar (tradisjonsberarar) og analysar av bygningar, bygningsdeler, fartøy, fartøydelar osv.



SAMFUNNSROLLE

HVM skal vera synlege, profesjonelle og delta aktivt i samfunnsliv både som lag spelar og som samfunnskommentator. Me skal gje innsikt og forståing av samtida ved å visa dei lange historiske linene. Me skal styrkja samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar.

Ut frå det som kjem fram i denne årsmeldinga er vurderinga vår at me jobbar målretta for å nå dei måla som Kulturdepartementet sette for tilskota for 2021:

- Musea er aktuelle og profesjonelle og utøver ei aktiv samfunnsrolle
- Musea formidlar kunnskap og opplevelse
- Samlingane ved musea vert trygga og tekne best mogleg vare på, og vert gjort tilgjengelege
- Musea førestår forsking og utviklar ny kunnskap

Tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet seier at HVM skal byggja opp under nasjonale mål om at alle skal ha tilgang til kunst og kultur av ypparste kvalitet, å fremja kunstnarleg utvikling og fornying, å tilby møteplassar og byggja fellesskap og å samla inn, ta vare på, dokumentera og formidla kulturarv. Musea si samfunnsrolle eller samfunnsoppdrag ligg i å utvikla og formidla kunnskap om menneska si forståing av og samhandling med omgjevnaden. I dette ligg stor fagleg fridom og samstundes utfordringar for musea med å definera kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv.

Dei regionale kulturplanane for tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane er styrande for løvingane til musea frå Vestland fylkeskommune. HVM arbeider etter relevante mål i planen til Hordaland.

HVM arbeider med mangfold og inkludering. I organisasjonen er det tilsett personar frå ti land. Gjennom fleire samarbeid med eksterne partar vert det arbeidd med tiltak og prosjekt for å stimulere til mangfold og inkludering. Ei gruppe med representantar frå alle avdelingane har jobba med å lage ein strategi for mangfold og inkludering i HVM. Det er blitt jobba med å etablere ei felles forståing av kva dette fokuset inneber. Museet har eit ynskje om å nå eit breiare publikum og jobbe for ei sterkare lokal forankring med ei forståing om at bygdafolket dei siste åra har endra seg. Slik kan me etablere varige relasjoner og skape møteplassar.

Fleire besøksstader har nytta opne dagar med gratis inngang som ein bevisst strategi, enten i samband med opning av utstillingar eller som ei fast månadleg hending. Kafétilbod er sentralt når ein skal senke terskelen for å besøke museet og skape møteplassar lokalt.



Saging av svinerygg til «Mathilde». Foto: Silje Ensy

LISTER

HVM deltar i følgjande nasjonale fagnettverk

- Nasjonalt museumsnettverk for fiskerihistorie og kystkultur
- Nasjonalt museumsnettverk for tradisjonshandverk og bygningsvern
- Nasjonalt museumsnettverk for kunst, arkitektur og design
- Nasjonalt museumsnettverk for drakt og tekstil
- Nasjonalt museumsnettverk for musikk og musikkinstrument
- Fartøyvernentrenes fellesråd
- Mellomalderklynga ved Universitetet i Bergen

Andre nettverk/samarbeidspartar

- Visit Hardangerfjord AS
- Destinasjon Voss AS
- Næringshagen i Hardanger
- Ullensvang næringsforum
- Næringshagen på Voss
- Norges husflidslag – styreverv
- Norsk kulturarv – styreverv
- Norsk publikumsutvikling
- Virke museums- og reiselivsnettverk
- Virke museums- og reiselivsnettverk

Artiklar

Helleve, Eirik: «Det merkverdige livet til Larsine Schlanbusch», i *Gamalt frå Voss*, 53. årgang
Herheim, Kjell: «Augneblinken», i *Gamalt frå Voss*, 53. årgang

I Dampskipsposten:

Ensy, Silje: «Med håndverket i fokus»
Hesthammer, Morten og Peter Brennvik: «Søblomsten, endelig tilbake på Vestnes»
Hesthammer, Morten: «Å sette et fartøy på land. Himmel eller helvete?»
-: «Fotografiet som kildemateriale»
-: «Politisk anerkjenning av fartøyvernet»
Tjosås, Silje Hausberg: «Å restaurere eit moderne fartøy»

Artiklar på nettstaden fartoyvern.com:

Eriksen, Arne: «Hogde halser»
Gjerde, Håvard: «Om fartøyverngransking. Med døme frå cold case Tafjord»
Hesthammer, Morten: «Pågående arbeid på jakt Mathilde»
Oma, Lars Arvid: «Lystbåtprosjektet»
Tjosås, Silje Hausberg: «Å restaurere eit moderne fartøy»
Weydahl, Emilie H.: «Jaktfart med galeas Svanhild»
-: «Regnvann, forsvinn»
-: «Huding på Mathilde»

Publikasjonar

Fagfellevurderte artiklar

Gjerde, Håvard: Flytande og industrielle kulturminne. Om tradisjonsbåtblikket og fartøyvernbriller. I *Mennesket og havet*, årbok for Norsk Maritimt museum 2020. Oslo.
Museumsforlaget.

Rapportar frå Hardanger fartøyvernsenter:

1-21	MS Haugefisk - Restaureringsplan nedre dekk	Silje Hausberg Tjosås
2-21	MS Haugefisk - Restaureringsrapportkapteinslugar og nedre dekk	Silje Hausberg Tjosås
3-21	MB Tafjord - Rapport fra restaurering av	Håvard Gjerde
4-21	Amy VII - Restaureringsplan	Silje Hausberg Tjosås
5-21	Jelse - Rapport fra restaurering av	Sarah Sjøgreen og Morten Hesthammer
6-21	Galeas Søblomsten - Teknisk historisk dokumentasjon	Håvard Gjerde
7-21	Motorjakt Norden - Teknisk historisk dokumentasjon	Håvard Gjerde
8-21	Reidulf II - Teknisk historisk dokumentasjon	Morten Hesthammer
9-21	Hvaler - Restaureringsrapport	Morten Hesthammer
10-21	Sjøgutten - Tilstandsrapport	Silje Hausberg Tjosås
11-21	Sjøgutten - Teknisk historisk dokumentasjon	Elisabet Janssen
12-21	Lindenes - Teknisk historisk dokumentasjon	Elisabet Janssen
13-21	Brand VI - Teknisk historisk dokumentasjon	Lars Arvid Oma
14-21	M/S Granvin - Restaureringsrapport LKCS luggarar	Morten Hesthammer
15-21	Jakt Mathilde - Restaureringsrapport LILK Skrogarbeid og rigg	Sarah Sjøgreen og Morten Hesthammer
16-21	Neiden - Synfaringsrapport	Peter Helland Hansen
17-21	M/S Hvaler - Restaureringsrapport Innredning	Morten Hesthammer

Årbøker

Gamalt frå Voss, 2021. Årboka er eit samarbeid mellom Voss Bygdeboknemnd, Voss folkemuseum og Voss sogelag. Boka kom ut for 53. gong, var på 228 sider, og hadde 21 artiklar. Eirik Helleve var redaktør, medan Kjell Herheim var fotoredaktør.

Konsertar og arrangement i Agatunet

Felespelar Jonas Laupsa hadde opp til tre konsertar på Hardanger folkemuseum, Agatunet og Skredhaugen fem dagar i veka i heile juli! Eit fantastisk konserttilbod i samarbeid med Hardingfela.no.

11. juni vart det halde ein eksklusiv konsert i Lagmannsstova – Gunn Gravdal Elton, Torbjørn Økland, Nils Økland og Halvor Lillesund vitja Agatunet med prosjektet *Vinding*, ei musikalsk reise attende til dagen Magnus Lagabøte døydde, med spesialskrevet tekst, musikalske improvisasjonar, og dramatisering. Grunna korona var talet på plassar sterkt avgrensa, men det var ei stor oppleving for dei som fekk billett.

Kafeen i Agatunet var open nokre helgar i haust, med godt besøk. I desember vart eit planlagt adventsarrangement noko redusert grunna restriksjonar, men gjennomført med utstilling av gamle julekort og leiker, utandørs kafé, lansering av boka *Glimt frå ein barndom* av Lars O. Bleie, samt utstilling av illustrasjonar frå boka. Mosten «Gamalapal» vart lansert og selde godt under arrangementet. Tunet vart julepynta både inne og ute, og vart eit populært mål for kveldsturar for folk i nærområda.

Konsertar og arrangement på Hardanger folkemuseum

Grunna smittesituasjonen hadde me ikkje opningsarrangement på Utne eller i Agatunet, noko som var eit sakn for fleire. Eit nytt samarbeid med Førdefestivalen kom i stad, der hardingfeletrioen Gamaltnymalt var på tur, og spelte på Hardanger folkemuseum 12. mai.

Om hausten arrangerte me tre konsertar: Framsyninga *RIT Olav H. Hauge sitt draumelandskap* med Inger-Kristine Riber, Reidun Horvei og Katherine Hanson; Knut Hamre og Nils Erik Kvamme med framsyning *Spel slåtten min Olav*; og *Trio Alde* med Gabriel Fliflet, Berit Opheim og Jorun Marie Kvernberg. Ein set verkeleg pris på kvar konsert som let seg gjennomføra! Diktardagen heidra i år Paal-Helge Haugen. Haugen snakka med forfattar og kritikar Tom Egil Hverven om diktinga si, og det var konsert med folkemusikarane Kirsten Bråten Berg og Daniel Sandén-Warg.

Konsertar og arrangement på Skredhaugen

På Skredhaugen har det vore tre konsertar; opningskonsert Jonas Laupsa, Siri Nordgård og Ingrid Standal Sørheim, tre unge utøvarane som har spelt på musea i sommar, Knut Hamre og Nils Erik Kvamme med framsyning *Spel slåtten min Olav*, og konsert med Foreningen for by og bygd. Dei to siste i regi av Skredhaugens vener.

Utstillingar Kabuso

31.10.2020 –17.1.2021	Nasjonalmuseet «Visuelle nabolag» I foajeen: «Tegn, Terreg, Tegning» Teikningar av Kwestan Jamal Bawan
27.2–25.4	«Og fjorden der nede blir ved å gå videre mot havet, og blandes med alle verdens vann»
8.5–6.6	Vestlandsutstillingen «Styrlause prosessar» Leander Djønne/Tora Sanden Døskeland/ Ingrid Haraldsen/Cecilia Jonsson/Pierre Lionel Matte. Eit samarbeid med NK Dale.
19.6.–26.9.	«På leit mellom plikt og fridom – Hardanger -& Co»
9.10.21–3.1.22	

Konsertar og arrangement i Kabuso og Kvam bygdemuseum Storeteigen

6.–7.03	Tropisk filmfestival
14.03.	Bounce Alarm
19.03.	Marius Kloving + Dag Helleve
21.03.	Kjetil Mulelid Solo
22.04.	Karl Seglem Trio
23.04.	Ensemble Eon
24.04.	Opera Avgarde
06.05.	Trio Alde
11.05.	Gamaltnymalt
14.05.	Rumi Songs
20.05.	Nils Petter Molvær
03.06.	Sinikka Langeland
12.09	Frode Gjerstad Trio + 1
17.09	Bygdapride
25.09	Heidi Lambach
01.10	Erik Lukashaugen
03.10	Perleskum
10.10	Håvard Ersland Trio
16.10	Sigrid Moldestad
17.10	Rita som i ein draum
21.10	Flukten
23.10	Kakaokonsert
23.10	Laila Thortveit
07.11	Kveldshymner
12.11	Voice & Strings & Timpani
14.11	Kjetil Mulelid Trio
27.11	Meelodi
03.12	Bugge Wesseltoft

Kunstbar

11.03.	Kunstbar
07.05.	Drink&Draw
28.05.	Framtidsforum i to deler, fagseminar på morgonen og eit ope seminar på kveld.

Bornas Kabuso

30.10.
20.11.

Hardanger fartøyvernsenter

Torsdagsforedrag

21.1.	Tor Ola Svennevig «Norske Sjømannstatoveringer»
16.9.	Andreas Aldeholm «Røde Kors på sjøen»
28.10.	Aleksander Nordahl «På eitt pust – alt du kan gjera på 44,5 sekund»
11.11.	Anne Elisebeth Skogen «Forteljarførestilling om det første norske emigrantfølge»

Den kulturelle skulesekken

25.–31.5	«Ut å ro»
September	«Tau i bruk». Dette var eit nytt tilbod til 9. klasse, og me sette fokus på bruken av tau i dag. Elevane fekk oppleva reiperbanen, laga mini-tau, prøva kasteline, dei fekk forståing for emne som rigging, blokker og taljer, og dei fekk laga ein apeneve (stoppknute).
6.–10.9.	«Forma i tre» i småbåtverkstaden



Konsert med Bugge Wesseltoft i Kabuso. Foto: Kabuso



Markering av «Mathilde» si restaurering. Foto: Silje Ensyby

Museumstokt

Årets museumstokt var eit samarbeid med Museum Vest (Kystmuseet i Øygaarden) i veke 42 og 43. Temaet var «fiskeforskartokt» saman med formidlar Marianne Lindgren frå Kystmuseet. Elevane hadde en trivelig oppleving trass i utfordringar med vêr, kaiplass og sjukdom.

Kurs

27.2.	Sponkorg
7.-9.5.	Åremaking
8.-10.10.	Smiing
10.-12.11.	Maritimt verktøyseminar

Arrangement

- Gratis-dag (del av fokus på mangfold og inkludering) og utstillingsopning, 9. august: Dette var ein stor suksess – folk som vanlegvis ikkje går på museum kom på besøk denne dagen.
- Aktivitetsdag for Kvam vidaregåande skule, VG1, 25. august: 90 elevar og lærarar var på HFS heile dagen og fekk prøva følgjande aktivitetar: Tur på «Mathilde», ut og ro, opplegg i video-utstilling, omvising på plassen med quiz etterpå, samt opplegg på reiparbanen der dei fekk lage tau. Dette arrangement hadde vi også i 2020, og det er eit fint høve til å nå ut til ungdommar.
- Familiedagar (i samarbeid med Kvam herad) 7. juli og 3. august, del av fokus på mangfold og inkludering):
- Språktreff for framandspråklege hadde avslutning på HFS 8. juni (del av fokus på mangfold og inkludering). Vaksenopplæringa kom også på besøk.
- Nøring-opplegg (Kvam kulturskule sitt opplegg for folkekunst og handverk) i småbåtverkstaden 1. november.
- Feiring av «Mathilde» 26. august med musikk, kake og besøk av politikarar og folk med tilknyting til «Mathilde» og alle tilsette på HFS. Tur på fjorden.

- Aktivitetsdag for Kvam Fritidsklubb (Barn 6–10 år).
- Arrangement målretta eldre: Mikjelsflaten hadde en heildagstur på «Mathilde» til Botnen og kom på besøk 18. mai.

Aktivitetar ved Granvin bygdemuseum

- Årsmøte i Hardanger Spelemannslag
- Årsmøte i Bygdatunets vene
- Møte ved Granvin Sogelag
- Omvising og konsert for koret "Alle kan synga"
- Opning/jubileum for Granvin Bygdemuseum
- Fem vaffeltorsdagar med konsert
- Øving i Hardanger Spelemannslag
- 9. årsdag med skattejakt og Mosstovepizza
- Jolebesøk av utegruppa frå barnehagen
- Om sumaren har det vore omvisar
- Dugnad med Bygdatunets vene
- Omvising og konsert for Bulken turmarsjlag
- Fleire møte i samband med planlegging av ny barnehage

Hardingfela.no

Ulike tiltak innan danseopplæring som anten har vorte gjennomført (eller utsett)

- Dans med Voss idrettskule i samarbeid med Voss spelemannslag (januar).
- Haustferiedans i samarbeid med Voss spelemannslag og Voss ungdomslag (Her var Astri Sudmann, Ådne R. G. Kolbjørnshus og Halldis Folkedal innleidde dansinstruktørar). I tillegg til å ha fleire timer med dans kvar dag, fekk deltakarane også mellom anna vera med på omvising på Voss folkemuseum, laga fløyter saman med Stein Villa og besøka felemakarverkstaden på Ole Bull Akademiet. Tiltaket var støttet av Voss herad.
- Dansekveld på Krossvoll på Lofthus i samarbeid med Ullensvang kommune, lokale ressurspersonar, Bygdekvinnelaget, Leikarringen på Lofthus/ Ullensvang ungdomslag, og Hardanger spelemannslag (oktober).



Kunstsommarskule. Foto: Kabuso

Samarbeid med andre og div. møter/presentasjonar m.m.

- Deltaking på møte og rådgjeving i samband med danseprosjekt i Ullensvang kommune gjennom lokal DKS. Her var me òg delaktige i arbeidet med å arrangera lokale møteplassar for dans i samband til dette danseprosjektet.
- Møte med Sogn og Fjordane ungdomslag og Hordaland Ungdomslag i høve samarbeid om samling for born og unge (UngOsa 2021 vart i staden for Fylkesstemna for born).
- Deltaking på det nasjonale samrådingsmøtet for folkedansen (to møte årleg, juni og november)
- Møte og statusoppdateringar/ dialog med lokale ressurspersonar på dans (her blant anna i Ullensvang, Odda, Ulvik, Bjørnafjorden, Bergen, Osterøy, Samnanger, Voss, Kvam, Granvin)
- Samarbeid om, og deltaking på, digitale work-shops om springaren i Sørfjorden ilag med Norsk senter for folkemusikk og folkedans.
- Digital Folkedanssalong:
 - Folkedanssalong: Kva skjer i Bygda Dansar Hordaland 2021 og 2022 (mai).
 - Folkedanssalong - Ullensvang kommune med dans på timeplanen (juni).

- Diverse digitale møte og konferansar i regi av andre: Kulturtankens årskonferanse; Digitalt møte om rekruttering og kontinuitet i barne- og ungdomsarbeid (NU); Musikk, dans, drama (MDD-faget): organisering og innhald (eit samarbeid mellom SANS og fagrådet for MDD); Pedagogiske og metodiske triks i folkedansen (NU); Frivillighetens år (Frivillighet Norge).
- Samarbeid og møte med Norsk senter for folkemusikk og folkedans om prosjektet Bygda dansar Hordaland. Hardingfela.no sit i referansegruppa til prosjektet som ein av tre lokale søkerar.
- Samarbeid med ulike kommunar i Voss og Hardanger i høve førebuande arbeid om utviding av distriktsmusikarordninga.
- Diverse innspel til politiske dokument, m.a. Plan for kultur, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune, kulturmiljøplan til Voss herad m.m.
- Artiklar i bladet Folkemusikk og Museumsnytt om hardingfela.no, skrivne av Magne Velure.



Molstertunet. Foto: Kjell Herheim

Resultatrekneskap

Beløp i tusen norske kroner	Note	2021	2020
Driftsinntekter			
Salgsinntekter		16 088	16 836
Tilskot og gåver	2	46 520	44 706
Sum driftsinntekter		62 608	61 543
Driftskostnader			
Varekostnader		3 751	4 022
Personalkostnader	3	36 380	32 067
Av- og nedskrivninger	5	1 379	1 351
Andre driftskostnader	3,4	20 801	20 605
Sum driftskostnader		62 311	58 044
Driftsresultat		297	3 499
Finanspostar			
Andre finansinntekter		248	262
Andre finanskostnader		156	211
Resultat av finanspostar		92	51
Årsresultat		389	3 550
Disponering av årsresultat			
Til/frå anna eigenkapital		-389	-3 550
Sum disponering		-389	-3 550


Balanse

Beløp i tusen norske kroner	Note	31.12.2021	31.12.2020
Eigendeler			
Immaterielle eigendeler			
Lisensar, kjøpt		115	137
Sum immaterielle eigendeler		115	137
Anleggsmidlar			
Eigedom		20 542	17 837
Inventar, maskiner og utstyr		1 610	1 925
Transportmidlar		144	215
Ikkje avskrivbare anleggsmidlar		3 875	3 875
Sum varige anleggsmidlar	5	26 169	23 852
Finansielle anleggsmidlar			
Eigenkapitalinnskot pensjon	11	1 557	1 437
Sum anleggsmidlar		27 726	25 289
Omløpsmidlar			
Varer	6	4 619	4 248
Kundefordringar	7	2 348	662
Andre fordringar	7	4 846	980
Bankinnskot, kontantar og liknande	8	13 296	16 004
Sum omløpsmidlar		25 110	21 893
Sum eigendeler		52 952	47 319
Gjeld og eigenkapital			
Eigenkapital			
Innskutt eigenkapital			
Grunnkapital		279	279
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital		15 671	15 281
Sum eigenkapital	9	15 949	15 560
Langsiktig forplikting			
Pensionsforplikting	11	15 261	12 124
Uoppent investeringstilskot		1 974	2 875
Sum langсiktig forplikting		17 236	15 000
Langsiktig gjeld			
Lån i bank	9, 10	4 251	4 537
Sum langсiktig gjeld		4 251	4 537
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		5 368	2 490
Skuldige offentlege avgifter		1 526	1 413
Skuldige feriepengar		3 220	2 895
Forskotsbetalingar	12	4 925	4 821
Anna kortsiktig gjeld		477	603
Sum kortsiktig gjeld		15 516	12 222
Sum gjeld		37 003	31 759
Sum eigenkapital og gjeld		52 952	47 319


Voss, 23. februar 2022



Lars Mossefinn
Styreleiar


Solfrid Borge
Styremedlem



Hans Jørgen Andersen
Styremedlem


Silje Ensy
Styremedlem


Agnetha Sivertsen
Styremedlem


Asbjørn Tolo
Styremedlem


Elisabeth Wesenlund Hauge
Styremedlem


Åsmund Kristiansen
Direktør

Kontantstrømoppstilling

Indirekte modell

Beløp i tusen norske kroner	Note	2021	2020
Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar			
Resultat før skattekostnad		389	3 550
Gevinst/tap ved sal av anleggsmidlar		0	-2
Askrivingar	5	1 379	1 351
Endring i varelager	6	-371	-118
Endring i kundefordringar	7	-1 686	847
Endring i leverandørgjeld		2 878	427
Endring i andre tidsavgrensningspostar		-228	-76
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar		2 360	5 980
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar			
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmiddel		-4 783	-1 035
Utbetalingar ved kjøp av immaterielle eigendeler		0	0
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	5	-4 783	-1 035
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar			
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld		-286	-324
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	7	-286	-324
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		-2 708	4 620
Effekt av valutakursendringar på kontantar og kontantekvivalentar		0	0
Kontantar og kontantekvivalentar per 01.01.		16 004	11 384
Kontantar og kontantekvivalentar per 31.12.		13 296	16 004
Denne består av			
Bankinnskot og anna		13 296	16 004

Notar

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Hardanger og Voss museum vart etablert som stifting den 17. januar 2006 under namnet Hardanger museum med forretningsstad 5778 Utne. Frå 1.1.2008 vart Voss folkemuseum konsolidert med Hardanger museum, museet endra då namn til Hardanger og Voss museum. Hardanger og Voss museum er eit konsolidert museum som består av einingane Hardanger Fartøyvernsenter, Kabuso, Ingebrigts Vik museum, Hardanger Skyspace, Kvam bygdemuseum, Hardanger folkemuseum, Agatunet, Granvin bygdemuseum og Voss folkemuseum. Stiftelsen Dagestadmuseet fusjonert per 1.1.2016 med stiftinga Hardanger og Voss museum. Stiftelsen Herand aktiesagbruk fusjonerte med museet per 1.1.2019.

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

Bruk av estimat

Utarbeidning av rekneskap i samsvar med rekneskapslova krev bruk av estimat. Vidare krev bruk av museet sine rekneskapsprinsipp at leiinga må utøve skjønn. Område som i stor grad inneheld slike skjønnsmessige vurderinger, høg grad av kompleksitet eller område der forutsetningar og estimat er vesentlege for årsrekneskapen, er beskrive i notane.

Salsinntekter

Inntekter ved sal av varer og tenester vert vurdert til verkeleg verdi av vederlaget, netto etter frådrag for meirverdiavgift, returar, rabattar og andre avslag. Sal av varer vert resultatført når stiftinga har levert produkta sine til kunden og det ikkje er uoppfylte forpliktingar som kan påverke kunden sin aksept av leveringa. Levering er ikkje foretatt før produkta er sendt til avtalt stad og risiko for tap og ukurans er overført til kunden. Erfaringstal vert brukt for å estimere og rekneskapsføre avsetningar for rabatt og retur på salstidspunktet. Avsetning til forventa garantiarbeid vert ført som kostnad og avsetning for forpliktingar. Sal av tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert utført.

Tilskot og gåver

Mottatte tilskot med klare føringar på bruk vil vere gjenstand for periodisering til tilhøyrande aktivitet. Gåver vert inntektsført på mottakstidspunktet.

Leigeavtalar

Leigeavtalar vert klassifisert som finansiell eller operasjonell i samsvar med avtalens reelle innhald. Dersom det vesentlegaste av økonomisk risiko og kontroll knytt til det underliggende leigeobjektet har gått over på legetakar vert leigeavtalen klassifisert som finansiell, og eigendeler og forpliktingar vert balanseført. Andre leigeavtalar vert klassifisert som operasjonelle. Ein leigeavtale som inneheld både ein rett og ei plikt til å kjøpe leigeobjektet ved utløpet av leigeperioden vert vurdert som kjøp på avbetalning.

Klassifisering av balansepostar

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk vert klassifisert som anleggsmidlar. Eigendelar som er knytt til varekretslopet vert klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar vert klassifisert som omløpsmidlar dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år. For gjeld vert analoge kriteriar lagt til grunn. Fyrste års avdrag på langsiktige fordringar og langsiktig gjeld vert likevel ikkje klassifisert som omløpsmidlar og kortsiktig gjeld.

Anskaffelseskost

Anskaffelseskost for eigendeler omfattar kjøpesummen med frådrag for bonus, rabatt og liknande, og med tillegg for kjøpsutgifter (frakt, toll, offentlege avgifter som ikkje vert refundert på andre direkte kjøpsutgifter). Ved kjøp i utanlandsk valuta vert eigendelen balanseført til kursen på transaksjonstidspunktet. For varige driftsmidlar og immaterielle eigendeler omfattar anskaffelseskost og direkte utgifter for å klargjere eigendelen til bruk, for eksempel utgifter til testing av eigendelen. Renter knytt til tilverknad av anleggsmidlar vert kostnadsført.

Immaterielle eigendeler

Utgifter til eigne utviklingsaktivitetar vert løpende kostnadsført. Utgifter til andre immaterielle eigendeler vert balanseført i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av ein identifiserbar immateriell eigendel og utgiftene kan målast påliteleg. I motsett fall vert slike utgifter løpende kostnadsført. Belanseført utvikling vert avskrivne lineært over økonomisk levetid.

Varige driftsmidlar

Tomter og kunst vert ikkje avskrive. Andre varige driftsmidlar vert balanseført og avskrives lineært over driftsmidlane si forventa utnyttbare levetid. Ved endring i avskrivningsplan vert verknaden fordelt over gjenværande avskrivingstid ("knekpunktmetoden"). Vedlikehald av driftsmidlar vert løpende kostnadsført som driftskostnader. Påkostningar og forbedringar vert tillagt driftsmiddelet sin kostpris og avskrives i takt med driftsmiddelet. Skiljet mellom vedlikehald og påkostning/forbedring vert rekna i høve driftsmiddelet sin tilstand på anskaffelsestidspunktet. Leide (leasa) driftsmidlar vert balanseført som driftsmidlar om leigekontrakten er å ansjå som finansiell.

Investeringstilskot er primært øyremerka ein spesifikk investering og vert registrert etter nettometoden for å få betre samsvar mellom verkeleg verdi og framtidige kontantstrømmer. Unntaket er dersom verkeleg verdi er vurdert å vere intakt. Investeringstilskota vert då registrert etter bruttometoden som langsiktig gjeld i balansen og resultatført i takt med avskrivingsprofilen på tilhøyrande driftsmiddel.

Nedskriving av anleggsmiddel

Ved indikasjon på at balanseført verdi av eit anleggsmiddel er høgare enn verkeleg verdi vert det testa for verdifall. Testen vert gjort for det lågaste nivå av anleggsmidlar som har sjølvstendige kontantstrømmar. Dersom balanseført verdi er høgare enn både salsverdi og gjennvinnbart beløp (noverdi ved fortsatt bruk/eige), vert det foretatt nedskriving til det høgaste av salsverdi og gjennvinnbart beløp. Tidlegare nedskrivingar, med unntak for nedskriving av goodwill, vert reversert dersom føresetnadene for nedskriving ikkje lenger er til stades.

Varelager

Varer vert vurdert til det lågaste av anskaffelseskost (etter FIFO-prinsippet) og verkeleg verdi. For råvarer vert gjenanskaffelseskost brukt som tilnærming til verkeleg verdi. For ferdig tilverka varer og varer under tilverknad består anskaffelseskost av utgifter til produktutforming, materialforbruk, direkte løn og andre direkte og indirekte produksjonskostnader (basert på normal kapasitet). Verkeleg verdi er estimert salspris fråtrukke utgifter til ferdigstilling og sal. For varer som ikkje er ferdig tilverka vert variable utgifter som er naudsynt for å selje ferdige varer og faste tilvirkningskostnader inkludert.

Anleggskontrakter

Arbeid under utføring knytt til fastpriskontraktar med lang tilvirkningstid vert vurdert etter løpende avreknings metode. Fullføringsgrada vert berekna som påløpte kostnader i prosent av forventa totalkostnad. Totalkostnaden vert løpende revurdert. For prosjekt som antas å gje tap, vert heile det berekna tapet umiddelbart kostnadsført.

Fordringar

Kundefordringar vert ført i balansen etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane og ei tilleggsavsetning som skal dekke andre påreknelege tap. Vesentlege økonomiske problem hjå kunden, sannsynlighet for at kunden vil gå konkurs eller gjennomgå økonomisk restrukturering, utsettingar og manglar ved betaling vert brukt som indikator på at kundefordringar må nedskrivast.

Andre fordringar, både omløpsfordringar og anleggsfordringar, vert registrert til det lågaste av pålydande og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er noverdien av forventa framtidige innbetalingar. Det vert ikkje foretatt ei neddiskontering når effekten av neddiskontering er uvesentleg for rekneskapen. Avsetning til tap vert vurdert på same måte som for kundefordringar.

Utanlandsk valuta

Fordringar og gjeld i utanlandsk valuta vert vurdert etter kursen ved rekneskapsåret sin slutt. Kursgevinstar og kurstop knytt til varesal og varekjøp i utanlandsk valuta vert ført som salsinntekt og varekostnad. Stiftinga brukar ikkje terminkontraktar.

Gjeld

Gjeld, med unntak for enkelte avsetningar for forpliktingar, vert balanseført til nominelt gjeldsbeløp.

Garantiarbeid/reklamasjonar

Garantiarbeid/reklamasjonar knytt til avslutta sal vert vurdert til antatt kostnad for slikt arbeid. Estimatet vert berekna med utgangspunkt i historiske tal for garantiarbeid, men korrigert for forventa avvik på grunn av for eksempel endring i kvalitetssikringsrutiner og endring i produktspekter. Avsetninga vert ført opp under ”Anna kortsiktig gjeld” og endring i avsetninga vert kostnadført.

Pensjon

Stiftinga har ytelsesbasert pensjonsordning. Pensjonsordninga er finansiert gjennom innbetalingar til forsikringsselskap, med unntak av AFP-ordninga.

Ytelsesplanar

Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som ikkje er ein innskotsplan. Typisk er ein ytelsesplan ei pensjonsordning som definerer ein pensjonsutsbetaling som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Pensjonsutsbetalinga er normalt avhengig av fleire faktorar som alder, antal år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedagen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane (innbetalte beløp til forsikringsselskap), justert for ikkje resultatførte estimatavvik og ikkje resultatførte kostnader knytt til tidlegare periodars pensjonsopptening. Pensjonsforpliktinga vert berekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode.

Planendringar vert amortisert over forventa gjenverande oppteningstid. Det same gjeld estimatavvik som skuldast ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige forutsetnadene, i den grad dei oversig 10% av den største av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane (korridor).

Skattar

Stiftinga er ikkje skattepliktig.

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillinga vert utarbeida etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalenter omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar som umiddelbart og med uvesentleg kursrisiko kan verte konvertert til kjende kontantbeløp og med gjenverande løpetid mindre enn tre månader frå anskaffelsesdato.

Note 2 - Tilskot og gåver

	2021		2020	
Beløp i tusen norske kroner	Beløp	Prosent	Beløp	Prosent
Statlege tilskot inkl. gáveforsterking	15 612	34 %	14 142	32 %
Fylkeskommunale tilskot	16 294	35 %	14 041	31 %
Kommunale tilskot	2 191	5 %	2 393	5 %
Riksantikvaren	9 969	21 %	10 638	24 %
Andre tilskot og gåver	2 454	5 %	3 492	8 %
Sum	46 520	100 %	44 706	100 %

Tilskota består av ordinære driftstilskot, prosjekttilstskot, sponsorstøtte og anna. Tilskot og gåver utan bindingar vert registrert brutto og klassifisert som driftsinntekter i resultatet i den perioden dei er meint å dekke. Tilskot med konkrete bindingar vert inntektsført i tråd med bruken av midlane. Tilskot til investeringar vert registrert netto som reduksjon av kostpris i balansen. Lærlingetilskot vert ikkje ført som tilskot, men som lønsrefusjon.

Dei viktigaste tilskota var:

Ordinært driftstilskot i 2021 frå Kulturdepartementet var 13,181 mill. kroner (2020: 12,555 mill. kroner), inklusive ekstra korona-tilskot på 0,9 mill. kroner. Gáveforsterking frå Kulturrådet i 2021 var 0,2 mill. kroner. Prosjekttilstskot frå Kulturdepartementet til den nye basisutstillinga på Voss folkemuseum var på 2,2 mill.kroner.

Ordinært driftstilskot i 2021 frå Vestland fylkeskommune var 13,007 mill. kroner (2020: 13,007 mill. kroner). Vestland fylkeskommune gav og prosjekttilstskot på tilsaman kr 1,5 mill.kroner. Dette var fordelt til forskjellige prosjekt. Med anna til skrogreperasjon Mathilde, læringsarena, Hardingfela.no m.m.

Driftstilskot til fellestener i 2021 frå Riksantikvaren var 5,907 mill. kroner, herav 0,5 mill. kroner til investering (2020: 5,393 mill. kroner, herav 0,1 mill. kroner til investering). I tillegg var det kr 2,2 mill. kroner i prosjekttilstskot frå Riksantikvaren, med anna til skrogreperasjon Mathilde.

Driftstilskot frå kommunane var på 2,1 mill.kroner, samt at det var gitt kr 0,1 mill. kroner i prosjekttilstskot frå kommunane.

Kulturrådet har gitt tilskot til konsertar og utbetring av konsertlokale på 0,5 mill.kroner. Det er kome gåver og tilskot til basisutstilling på Voss folkemuseum på kr 0,5 mill.kroner. Tilskot frå andre til skrogreperasjon av Mathilde var på kr 0,8 mill. kroner

Riksantikvaren og Vestland fylkeskommune har i 2021 gitt prosjekttilstskot til restaurering av ferja MF Folgefonn på 3,6 mill. kroner (2019: 3,8 mill. kroner). Ferja er klassifisert som museumsgjenstand og restaureringstranksaksjonar vart registrert via resultatrekneskapen.

Note 3 - Lønnskostnader, antal tilsette, godtgjersler m.m.

Beløp i tusen norske kroner	2021	2020
Lønningar	28 309	24 439
Arbeidsgjevaravgift	3 601	3 157
Pensjonskostnader*	4 487	3 571
Andre lønnsrelaterte ytelsar	-17	899
Sum	36 380	32 067
Gjennomsnittleg antal tilsette ¹⁾	68	69
Gjennomsnittleg antal årsverk ¹⁾	59,0	59,8
Antal faste tilsette 31.12 ²⁾	64	64
Antal faste årsverk 31.12 ²⁾	58,9	55,8
Totale årsverk 31.12 ²⁾	62,1	57,8
Sjukefråvær 31.12	5,0 %	5,9 %

* Sjå note 11

1) I gjennomsnittstala inngår faste tilsette, lærlingar, prosjekt- og sesongtilsette

2) Tala for faste tilsette og årsverk inkluderer lærlingar

Det var i 2021 utbetalte kroner 792.380 i lønn til konstituert dagleg leiar Åsmund Kristiansen. Av dette gjeld fordel elektronisk kommunikasjon kroner 4.392. Dagleg leiar inngår i stiftinga si kollektive pensjonsordning og det var utbetalte 123.628 kroner i innbetalte premie i perioden. Det er ikkje andre ytelsar eller forpliktelsar til dagleg leiar utover det som er opplyst. Dagleg leiar har ikkje bonusordning, og det ligg ikkje føre avtale om etterlønn ved avslutning av arbeidsforholdet.

Det var i 2021 utbetalte kroner 125.000 i styrehonorar til stiftinga Hardanger og Voss museum sitt styre (2020: 164.000). Det var ikkje gitt lån eller stilt sikkerheit for lån til direktør, styremedlemer eller tilsette.

Styrehonorar	Rolle	2021
Lars Mossefinn	Styreleiar	44 000
Solfrid Borge	Nestleiar	15 000
Sigrid Brattabø Handegard	Styremedlem tom 30.11.21	3 000
Asbjørn Tolo	Styremedlem	18 000
Hans Jørgen Andersen	Styremedlem	18 000
Elisabeth Wesenlund Hauge	Styremedlem	3 000
Agnete Sivertsen	Styremedlem	12 000
Alexander Günther	Styremedlem	6 000
Karen Noer Korssjøen	Vara	4 000
Geir Madsen	Vara	2 000

Kostnadsført godtgjersle til revisor

Kostnadsført godtgjersle til revisor er eksklusive meirverdiavgift og fordelt på følgjande:

Beløp i tusen norske kroner	2021	2020
Lovpålagt revisjon	184	145
Andre attestasjonstjenester	56	35
Sum honorar	240	179

Honoraret inkluderer i tillegg til revisjon av stiftinga Hardanger og Voss museum, revisjon av eigarselskapa Stiftinga Hardanger Fartøyvernenter og Stiftinga Agatunet.

Note 4 - Andre driftskostnader

	2021		2020	
Beløp i tusen norske kroner	Beløp	Prosent	Beløp	Prosent
Udstillingar og prosjekt	1 171	6 %	875	4 %
Eksterne tenester	5 684	27 %	5 113	25 %
Drift og vedlikehald anlegg og utstyr	7 831	38 %	12 662	61 %
Marknadsføring, transportmidlar, reiser	1 496	7 %	1 274	6 %
Andre driftskostnader	4 619	22 %	681	3 %
Sum andre driftskostnader	20 801	100 %	20 605	100 %

I linja ”Eksterne tenester” inngår kjøp av tenester til ny basisutstilling ved Voss folkemuseum på 2,1 mill. kroner (2020: 2,1 mill. kroner).

I linja ”Drift og vedlikehald anlegg og utstyr” inngår restaurering av MF Folgefond på 3,2 mill. kroner (2020: 4 mill. kroner), restaurering Agatunet på 0,3 mill. kroner (2020: 0,5 mill. kroner).

Note 5 - Varige driftsmidlar

Beløp i tusen norske kroner	Inventar og utstyr	Transportmidlar	Eigedom, bygningar og tomt¹⁴⁾	Tilpasningar på leide bygg⁵⁾	Ikke avskrivbare anl.midlar²⁾	Immaterielle eigendeler³⁾	Sum
Kostpris 1.1	4 560	1 104	17 849	3 328	3 875	212	30 926
Tilskot			-1 200				-1 200
Tilgang	76		5 335				5 411
Avgang			-535				-535
Kostpris 31.12.	4 636	1 104	21 448	3 328	3 875	212	34 602
Akkumulerte avskrivningar 1.1	2 634	889	2 734	606	0	75	6 938
Årets avskriving	392	71	818	77		21	1 379
Akkumulert avskriving 31.12	3 026	960	3 551	683	0	97	8 317
Bokført verdi 31.12	1 610	144	17 897	2 645	3 875	115	26 285
Avskrivingstid	4 - 7 år	5 år	20 - 30 år	20 - 30 år		10 år	
Avskrivningsprosent	15 - 25 %	20 %	3 - 5 %	3 - 5 %		10 %	
Avskrivingplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær		Lineær	

- 1) Tomt vert ikkje avskriven.
 2) Lysinstallasjonen Hardanger Skyspace, kunst
 Dagestadmuseet
- 3) Lisensar, kjøpt
 4) Investeringstilskot mottatt på 4,4 mill. kroner
 5) Investeringstilskot mottatt på 0,2 mill. kroner

Årleg leige av ikkje balanseførte driftsmiddel	Leigeperiode	Årleg leige (beløp i tusen norske kroner)
Transportmidlar	84 mnd	90
Maskiner	36 - 60 mnd	67

Note 6 - Varer

Beløp i tusen norske kroner	2021	2020
Materiellager (råvarer)	3 490	2 865
Ferdigvarer	478	348
Varer for vidaresalg	1 284	1 074
Ukuransavsetning	-633	-39
Balanse 31.12	4 619	4 248

Råvarelageret består av innsatsvarer til nybygging, reparasjon og vedlikehald av fartøy.

Ferdgvarelageret består av robåtar av typen Æring, Strandebarmer og Hardanger færing.

Varer for vidaresalg består av salsvarer, bøker og anna som er til sals i museumsbutikkane.

Note 7 - Fordringar og gjeld

Kundefordringar er vurdert til pålydande, redusert med avsetning for tap på krav med TNOK 110. Tilsvarande avsetning i fjor var TNOK 60. Alle kundefordringane forfell innan eitt år.

Stiftinga har andre fordingar på:

Beløp i tusen norske kroner	2021	2020
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	2 956	414
Forskotsbetalingar	1 891	565
Sum fordingar	4 846	980

Ingen av dei nevnte fordingane forfell seinare enn eitt år.

Beløp i tusen norske kroner	2021	2020
Lån i Sparebanken Vest, inngående balanse	4 537	4 861
Betalt avdrag	286	324
Sum gjeld	4 251	4 537

Hardanger og Voss museum tok i samband med kjøp av næringseigedom i Kvam kommune i 2016 opp eit lån på totalt 8,7 millionar kroner. Lånet vart reforhandla våren 2021 og ny avtale har ein låneprofil på 12 år, løpetid på 5 år. Gjeld som forfell seinare enn 5 år er 0 mill. kroner. Museet betalte ned 1 mill. kroner ekstra i avdrag på lån i både 2019, 2017 og 2016.

Note 8 - Bundne midlar

Beløp i tusen norske kroner	2021	2020
Herav bundne bankinnskot	3 069	1 065

Note 9 - Eigenkapital

	Innskutt EK	Opptent EK	
Beløp i tusen norske kroner	Grunnkapital	Anna eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 1.1	279	15 281	15 560
Årets resultat		389	389
Eigenkapital 31.12	279	15 670	15 949

Grunnkapitalen er skutt inn av kommunane i Hardanger og Voss. Stiftinga Hardanger og Voss museum er ei sjøveigande stifting.

Note 10 - Pantstillingar og garantiar m.v.

Hardanger og Voss museum har trekkrettar på 0,7 millionar kroner. Det er ved årsslutt ikkje trukke på kassekreditten. Trekkrettane er sikra med pant i eide dom tilhøyrande eigarskapet Stiftinga Hardanger Fartøyvernsenter.

Hardanger og Voss museum har stilt transportløyvegaranti ovanfor Hordaland fylkeskommune på 73.000 kroner. Garantien gjeld til 31.12.2025. Det er etablert 1. prioritets panterett i driftstilbehør samt motorvogn og anleggsmaskiner.

Hardanger og Voss museum har per 8.4.2016 stilt realkausjon på 15 mill. kroner til Sparebanken Vest. Kausjon er knytt til fast eigedom i Kvam kommune; gnr 11, bnr 336. Bokført verdi for eigendeler stilt som pant er 11,9 mill. kroner.

Note 11 - Pensjonsmidlar/-forpliktelse

Hardanger og Voss museum har ei kollektiv pensjonsforsikring i KLP som per 1.1.2022 omfattar 84 tilsette, 191 oppsatte og 34 pensjonistar. Ordninga gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovedsak avhengig av antal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytinga frå folketrygda. Forpliktinga knytt til ordninga er dekka gjennom eit forsikringsselskap.

Stiftinga har og ein avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP). Den nye AFP-ordninga som gjeld frå og med 1. januar 2011 er å sjå som ei ytelsesbasert flerforetaksordning, men vert rekneskapsført som ei innskotsordning fram til det ligg føre påliteleg og tilstrekkeleg informasjon slik at selskapet kan rekneskapsføre sin proporsjonale andel av pensjonskostnad, pensjonsforpliktelse og pensjonsmidlar i ordninga. Stiftinga sine forpliktelser er derved ikkje balanseført som gjeld.

Stiftinga sine pensjonsordningar tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Det er innbetalt 1,6 mill. kroner i eigenkapitalinnskot til pensjonsleverandør.

Resultatrekneskap

Beløp i tusen norske kroner	2021	2020
Noverdi av årets pensjonsopptering	5 075	4 249
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	1 333	1 569
Avkastning på pensjonsmidlar	-1 972	-2 247
Arbeidsgivaravgift	650	506
Netto pensjonskostnad ytelsesordning	5 086	4 077
Kostnader ved AFP-ordning inkl. arbeidsgivaravgift		
Resultatført planendring	0	0
Kostnader ved innskotsordning inkl. arbeidsgivaravgift	172	190
Sum netto pensjonskostnad	5 258	4 267

Balanse

Netto pensjonsforpliktelse. Beløp i tusen norske kroner	2021	2020
Opptente pensjonsforpliktingar 31.12	80 032	74 269
Berekna effekt av framtidig lønnsregulering	0	0
Berekna brutto pensjonsforpliktning 31.12	80 032	74 269
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi) 31.12	67 625	63 684
Ikkje resultatførte estimatavvik/planendring	968	42
Arbeidsgivaravgift	1 886	1 498
Netto pensjonsforpliktning/-midlar	15 261	12 124

Økonomiske føresetnader	2021	2020
Diskonteringsrente	1,90 %	1,70 %
Forventet lønnsvekst	2,75 %	2,25 %
Forventa G-regulering	2,50 %	2,00 %
Forventa pensjonsregulering	1,73 %	1,24 %
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	3,70 %	3,10 %
Levealder-tariff	K2013BE	K2013BE
Uføre-tariff	KLP	KLP
Amortiseringstid	10	10
Korridorstørrelse	10,00 %	10,00 %
Arbeidsgivaravgift	14,10 %	14,10 %

Note 12 - Forskotsbetalinger

Beløp i tusen norske kroner	2021	2020
Forskotsbetalte tilskot	4 567	4 728
Forsket frå kundar	357	93
Balanse 31.12	4 925	4 821

Forskotsbetalte tilskot består av prosjekttilstskot frå offentlege og private samarbeidspartar. Tilskota vert inntektsført i tråd med aktiviteten i det einskilde prosjekt.

Note 13 - Transaksjonar med nærståande partar

Beløp i tusen norske kroner	2021	2020
Husleige til Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter	148	142
Husleige til Stiftelsen Agatunet	21	21
Sum husleige	169	163

Hardanger og Voss museum har samarbeidsavtalar med eigarselskapa stiftingane Hardanger fartøyvernssenter og Agatunet, foreiningane Voss folkemuseum og Hardanger folkemuseum, om vedlikehald og drift av museumsanlegg og gjenstandar.

Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter har per 8.4.2016 stilt realkausjon på 7,8 mill. kroner for stiftinga Hardanger og Voss museum. Kausjon er knytt til fast eigedom i Kvam kommune; gnr 10, bnr 76, gnr 11, bnr 26.

Note 14 - Andre forhold

Hardanger og Voss museum har og i 2021 vore råka av korona-pandemien. Året har periodevis vore prega av nedstengingar, noko som har medført redusert aktivitet og avlyste arrangement.

Det vart utdelt 0,9 mill.kroner i koronastøtte i form av ekstra driftstilstskot frå Kulturdepartementet.

Det har vore auka kostnader til reinhald (17% frå 2019) samt noko reduserte publikumsinntekter (6% frå 2019)



Til styret i Stiftinga Hardanger og Voss Museum

Uavhengig revisors beretning

Uttalelse om årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Hardanger og Voss Museums årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2021, resultatregnskap og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoene og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettvisende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2021, og av dens resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoene i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- er konsistent med årsregnskapet og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav.



Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisionen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

Uttalelse om andre lovmessige krav

Konklusjon om forvaltning


Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtekten for øvrig.

Bergen, 23. februar 2022
PricewaterhouseCoopers AS

Jan Roger Hånes
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)



Videoutstilling i Kulturnauget ved Hardanger fartøyvernsenter. Foto: Silje Ensyby



Hardanger og Voss museum

Organisasjonsnummer: 987 927 704

Besøksadresse: Museumsvegen 36, 5778 Utne

Postadresse: 5778 Utne

Telefon: 404 34 100

E-post: post@hvm.museum.no

Bankkontonummer: 3530.05.03096

Bankforbindelse: Sparebanken Vest

IBAN code: NO2235300503096

SWIFT code: SPAVNOBBXXX



hardangerogvossmuseum.no